# Årsmelding 2023 - Alver kommune

## Samandrag

### Rekneskapsresultat 2023 - oppsummert

Netto driftsresultat for Alver kommune i 2023 synar eit underskot på 48,5 mill. kr (-1,6%), medan det vedtekne budsjettet hadde eit negativt resultat på 101,0 mill. kr (-3,5%). Resultatet er såleis 52,5 mill. kr betre enn budsjettert resultat for 2023.

Det er særleg to årsaker som bidrar til det positive avviket i forhold til budsjettet. Alver kommune har 28,1 mill. kr meir i generelle driftsinntekter enn budsjettert og I tillegg synar netto driftsutgifter på sektorane eit mindreforbruk i forhold til budsjett på 12,8 mill. kr i 2023. Det er særleg innan oppvekst vi har mindreforbruk.

Meir utfyllande informasjon om dette og kommentarar til dei andre sentrale postane som eigedomsskatt og finans står under kapittelet “Hovudoversikter". Informasjon om resultatet på dei ulike sektorane finn du under “Kommunens sektorer”.

### Den lovpålagte årsrapporteringa for Alver kommune

Den lovpålagte årsrapporteringa for Alver kommune i 2023 består av årsrekneskap med noter og årsmelding.

"§ 14-7.Årsberetning

Kommuner og fylkeskommuner skal utarbeide en årsberetning for kommunens eller fylkeskommunens samlete virksomhet. Det skal også utarbeides en egen årsberetning for hvert kommunalt eller fylkeskommunalt foretak.

Årsberetningene skal redegjøre for:

1. Forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklingen og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid
2. Vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene
3. virksomhetens måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne
4. tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard
5. den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling
6. hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26."

Årsmeldinga skal vere framlagt seinast 31. mars.

## Befolkningsutvikling

## Utvikling i befolkning 4. Kvartal 2023

| | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Folketal ved inngangen av kvartalet** | **28 997** | **29 090** | **29 224** | **29 337** | **29 593** | **29 920** |
| Fødde | 278 | 280 | 280 | 288 | 265 | 281 |
| Døde | 181 | 190 | 182 | 190 | 216 | 224 |
| **Fødselsoverskot** | **132** | **88** | **98** | **98** | **49** | **57** |
| Innvandring | 119 | 131 | 83 | 111 | 207 | 129 |
| Utvandring | 109 | 80 | 53 | 91 | 93 | 99 |
| Innflytting, innanlands | 1 353 | 1 327 | 991 | 1 084 | 1 165 | 1 076 |
| Utflytting, innanlands | 1 402 | 1 336 | 1 006 | 943 | 1 006 | 1 105 |
| **Netto innvandring og flytting** | **-39** | **42** | **15** | **161** | **273** | **1** |
| **Folkevekst** | **93** | **134** | **113** | **256** | **327** | **66** |
| **Folketalet ved utgangen av kvartalet** | **29 090** | **29 224** | **29 337** | **29 593** | **29 920** | **29 986** |

## År




Tabellen og figuren over viser at folkeveksten i 2023 vart på 0,22%, som er betydeleg lågare enn veksten i 2022, som var på 1,10%. Det er særleg lågare netto innanlands inn/utflytting som gjer at veksten går så mykje ned i 2023 samanlikna dei siste 2 åra.

# Hovudoversikter

## §5-4 Bevilgningsoversikter - drift (1A)

*Beløp i 1000*

| | Note | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2023 | Rev.bud. 2023 | Rekneskap 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Rammetilskot | | -1 071 443 | -1 119 317 | -1 154 556 | -1 156 559 | 2 003 |
| Inntekt- og formuesskatt | | -976 411 | -929 883 | -943 744 | -953 550 | 9 806 |
| Eigedomsskatt | | -106 805 | -82 290 | -89 550 | -95 831 | 6 281 |
| Andre generelle driftsinntekter | | -92 153 | -78 356 | -108 977 | -118 958 | 9 981 |
| **Sum generelle driftsinntekter** | | **-2 246 811** | **-2 209 846** | **-2 296 827** | **-2 324 899** | **28 072** |
| | | | | | | |
| **Korrigert sum løyvingar drift, netto** | | **2 160 375** | **2 211 241** | **2 269 359** | **2 256 541** | **12 818** |
| | | | | | | |
| Avskrivingar | 4 | 116 655 | 130 322 | 130 322 | 140 094 | -9 772 |
| | | | | | | |
| **Sum netto driftsutgifter** | | **2 277 030** | **2 341 563** | **2 399 681** | **2 396 635** | **3 046** |
| **Brutto driftsresultat** | | **30 219** | **131 717** | **102 854** | **71 736** | **31 118** |
| | | | | | | |
| Renteinntekter | | -26 428 | -29 990 | -35 990 | -44 421 | 8 431 |
| Utbytte | | -31 622 | -36 000 | -61 000 | -61 494 | 494 |
| Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel | 15 | 2 562 | 0 | 0 | -14 072 | 14 072 |
| Renteutgifter | 6 | 65 303 | 110 989 | 120 989 | 131 863 | -10 875 |
| Avdrag på lån | 6 | 90 342 | 106 000 | 104 500 | 104 981 | -481 |
| **Netto finansutgifter** | | **100 156** | **150 999** | **128 499** | **116 857** | **11 641** |
| | | | | | | |
| Motpost avskrivingar | | -116 655 | -130 324 | -130 324 | -140 094 | 9 770 |
| | | | | | | |
| **Netto driftsresultat** | | **13 720** | **152 392** | **101 029** | **48 499** | **52 529** |
| | | | | | | |
| **Disponering eller dekning av netto driftsresultat** | | | | | | |
| Overføring til investering | | 5 317 | 9 600 | 9 400 | 8 947 | 453 |
| Avsettingar til bundne driftsfond | 8, 12 | 11 456 | 0 | 0 | 9 477 | -9 477 |
| Bruk av bundne driftsfond | 8, 12 | -15 976 | -2 816 | -3 316 | -11 877 | 8 561 |
| Avsettingar til disposisjonsfond | 8 | 0 | 0 | 0 | 908 | -908 |
| Bruk av disposisjonsfond | 8 | -14 516 | -159 176 | -107 113 | -55 955 | -51 159 |
| Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat** | | **-13 720** | **-152 392** | **-101 029** | **-48 499** | **-52 529** |
| | | | | | | |
| **Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)** | | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

## §5-4 Sum bevilgninger drift (tenesteområda), netto (1B)

*Beløp i 1000*

| | Note | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Rekneskap 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Sentrale postar | | -1 499 | 0 | 0 | -1 747 | 1 747 |
| Politisk styring | | 47 001 | 41 732 | 44 217 | 48 313 | -4 097 |
| Administrativ styring, økonomi og HR | | 110 103 | 207 288 | 109 597 | 117 396 | -7 799 |
| Prosjekt | | 1 121 | 2 141 | 1 524 | 1 202 | 322 |
| Samfunnsutvikling | | 88 062 | 88 689 | 94 261 | 93 109 | 1 152 |
| Helse og omsorg | | 856 043 | 859 514 | 940 607 | 939 214 | 1 393 |
| Oppvekst | | 902 371 | 869 757 | 928 302 | 905 469 | 22 833 |
| Teknisk forvaltning og drift | | 204 135 | 209 856 | 218 086 | 218 427 | -341 |
| **Sum løyvingar drift, netto** | | **2 207 337** | **2 278 976** | **2 336 594** | **2 321 383** | **15 211** |
| | | | | | | |
| Av dette: | | | | | | |
| Avskrivinger | | 24 450 | 29 552 | 29 552 | 29 720 | -167 |
| Netto renteutgifter og -inntekter | | 29 314 | 40 999 | 40 999 | 38 555 | 2 444 |
| Avdrag på lån | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsetninger til bundne driftsfond | | 11 456 | 0 | 0 | 9 342 | -9 342 |
| Bruk av bundne driftsfond | | -15 976 | -2 816 | -3 316 | -11 877 | 8 561 |
| Bruk av disposisjonsfond | | -2 282 | 0 | 0 | -897 | 897 |
| **Korrigert sum løyvingar drift, netto** | | **2 160 375** | **2 211 241** | **2 269 359** | **2 256 541** | **12 818** |

## §5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift (3)

*Beløp i 1000*

| | Note | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Rekneskap 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Rammetilskot | | -1 071 443 | -1 119 317 | -1 154 556 | -1 156 559 | 2 003 |
| Skatt på inntekt og formue | | -976 411 | -929 883 | -943 744 | -953 550 | 9 806 |
| Eigedomsskatt | | -106 805 | -82 290 | -89 550 | -95 831 | 6 281 |
| Andre skatteinntekter | | -83 | 0 | 0 | -240 | 240 |
| Andre overføringar og tilskot frå staten | | -95 406 | -79 056 | -109 677 | -119 717 | 10 040 |
| Overføringar og tilskot frå andre | | -424 623 | -254 768 | -282 084 | -511 927 | 229 844 |
| Brukarbetalingar | | -79 532 | -77 964 | -78 272 | -81 356 | 3 085 |
| Sals- og leigeinntekter | 12 | -179 315 | -203 161 | -202 506 | -205 296 | 2 790 |
| **Sum driftsinntekter** | | **-2 933 619** | **-2 746 439** | **-2 860 389** | **-3 124 478** | **264 090** |
| | | | | | | |
| Utgifter til løn | 2 | 1 551 232 | 1 563 294 | 1 585 793 | 1 673 127 | -87 334 |
| Sosiale utgifter | 3 | 356 701 | 375 237 | 376 355 | 382 416 | -6 061 |
| Kjøp av varer og tenester | | 789 665 | 730 756 | 781 147 | 846 069 | -64 922 |
| Overføringar og tilskot til andre | | 149 584 | 78 546 | 89 625 | 154 508 | -64 883 |
| Avskrivingar | 4 | 116 655 | 130 322 | 130 322 | 140 094 | -9 772 |
| **Sum driftsutgifter** | | **2 963 837** | **2 878 156** | **2 963 243** | **3 196 215** | **-232 972** |
| | | | | | | |
| **Brutto driftsresultat** | | **30 219** | **131 717** | **102 854** | **71 736** | **31 118** |
| | | | | | | |
| Renteinntekter | | -26 428 | -29 990 | -35 990 | -44 421 | 8 431 |
| Utbytte | | -31 622 | -36 000 | -61 000 | -61 494 | 494 |
| Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar | 15 | 2 562 | 0 | 0 | -14 072 | 14 072 |
| Renteutgifter | | 65 303 | 110 989 | 120 989 | 131 863 | -10 875 |
| Avdrag på lån | 6 | 90 342 | 106 000 | 104 500 | 104 981 | -481 |
| **Netto finansutgifter** | | **100 156** | **150 999** | **128 499** | **116 857** | **11 641** |
| | | | | | | |
| Motpost avskrivingar | | -116 655 | -130 324 | -130 324 | -140 094 | 9 770 |
| | | | | | | |
| **Netto driftsresultat** | | **13 720** | **152 392** | **101 029** | **48 499** | **52 529** |

| | Note | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Rekneskap 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Disponering eller dekning av netto driftsresultat** | | | | | | |
| Overføring til investering | | 5 317 | 9 600 | 9 400 | 8 947 | 453 |
| Avsettingar til bundne driftsfond | 8, 12 | 11 456 | 0 | 0 | 9 477 | -9 477 |
| Bruk av bundne driftsfond | 8, 12 | -15 976 | -2 816 | -3 316 | -11 877 | 8 561 |
| Avsettingar til disposisjonsfond | 8 | 0 | 0 | 0 | 908 | -908 |
| Bruk av disposisjonsfond | 8 | -14 516 | -159 176 | -107 113 | -55 955 | -51 159 |
| **Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat** | | **-13 720** | **-152 392** | **-101 029** | **-48 499** | **-52 529** |
| **Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)** | | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

## Kommentar til Hovedoversikt §5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift (3)

### Driftsinntekter

Alver kommune sine driftsinntekter er spesifisert slik:

- Rammetilskot
- Skatt på inntekt og formue
- Eigedomsskatt og Andre skatteinntekter
- Andre overføringar og tilskot frå staten
- Overføringar og tilskot frå andre
- Brukarbetalingar og sals- og leigeinntekter

Samla driftsinntekter i 2023 var på 3.124,5 mill. kr. Det er 264 mill. kr meir enn budsjettert.

Kommentarar til rammetilskot, skatt, eigedomsskatt og andre generelle driftsinntekter følgjer i kapitelet "Spesifikasjon og kommentarar til hovudoversikter" nedanfor.

Overføringar og tilskot frå andre inneheld diverse refusjonar frå stat, fylkeskommune, andre kommunar og private for ulike tenester som kommunen har levert, eller delfinansiering av slike tenester. I sum viser rekneskapen for 2023 på desse postane meirinntekter på 229,8 mill. kr i forhold til revidert budsjett. Dette skuldast i hovudsak at refusjon for sjukepengar og refusjon av foreldrepengar frå NAV som er rekneskapsført med totalt 108 mill. kr ikkje vert budsjettert. Ved sjukdom/svangerskap vil einingane ofte ha ei tilsvarande vikarutgift, som på same måte ikkje har vore budsjettert.

Momskompensasjon kjem ut med ei meirinntekt på 65 mill. kr (med ei tilsvarande meirutgift under posten «Overføringar og tilskot til andre» på utgiftssida). Vi har vidare meirinntekt på refusjon av ressurskrevjande tenester på kr 21 mill. kr.  Ein god del av dette skuldast kostnadar til høgare pensjonspremie enn rekna med i budsjettet.

Brukarbetalingar og sals- og leigeinntekter utgjer 287 mill. kr i 2023. Dei syner ei meirinntekt på 6 mill. kr i høve til budsjett.

## Driftsutgifter

Alver kommune sine driftsutgifter er etter gruppert som følgjer:

- Lønn og sosiale utgifter
- Kjøp av varer og tenester
- Overføringar og tilskot til andre
- Avskrivingar

Samla driftsutgifter i 2023 var på 3.196,2 mill. kr.  Det er 233 mill. kr meir enn budsjett.

Lønnsutgiftene og sosiale utgifter er til saman 93,4 mill. kr høgare enn budsjettert. Dette må sjåast i samanheng med meirinntekter på lønsrefusjon frå Nav på 108 mill. kr og meirinntekt ressurskrevjande tenester på 21 mill. kr. Det er i tillegg kjøpt vikarbyråtenester for 25 mill. kr meir enn budsjettert i hovudsak innan helse og omsorg, som må sjåast i samanheng med  budsjettert løn.

Kjøp av varer og tenester er 65 mill. kr høgare enn budsjettert. Avviket skuldast i hovudsak meirforbruk innan vikarbyråtenester og driftsavtalar, men vi har og høgare utgifter til drift av kommunen sin bilpark enn budsjettet.

Overføringar og tilskot til andre inneheld mellom anna momskompensasjon og overføring til private. Overføringsutgiftene er 65 mill. kr høgare enn budsjettert. Hovuddelen av dette er meirutgifter moms med 65 mill. kr (som og er lik meirinntekt under posten "Overføringar og tilskot frå andre").  Andre postar under overføringar og tilskot til andre går dermed netto som budsjettert.

For året 2023 utgjorde lønn og sosiale utgifter 64,3% av dei totale driftsutgiftene.

## § 5-8 Balanse

### Rekneskapsskjema §5-8 - Balanserekneskap

| Tal i 1000 kr | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Rekneskapsskjema §5-8 - Balanserekneskap** | **Noter** | **Rekneskap 31.12.2023** | **Rekneskap 31.12.2022** | **Endring i året** |
| **EIGENDELER** | | | | |
| **A. Anleggsmidlar** | **3, 4, 5, 11** | **8 489 000** | **8 018 451** | **470 549** |
| I. Varige driftsmidlar | 4 | 4 263 982 | 4 166 511 | 97 471 |
| 1. Faste eigedommar og anlegg | | 4 127 373 | 4 022 694 | 104 679 |
| 2. Utstyr, maskiner og transportmidlar | | 136 609 | 143 817 | - 7 208 |
| | | | | |
| II. Finansielle anleggsmiddel | | 1 085 750 | 1 008 205 | 77 545 |
| 1. Aksjar og andelar | 5 | 509 458 | 500 580 | 8 878 |
| 2. Obligasjonar | | | | |
| 3. Utlån | 11 | 576 292 | 507 625 | 68 667 |
| | | | | |
| IV. Pensjonsmidlar | 3 | 3 139 268 | 2 843 735 | 295 533 |
| | | | | |
| **B. Omløpsmidlar** | **1** | **1 251 170** | **1 219 303** | **31 867** |
| I. Bankinnskot og kontantar | | 412 660 | 601 269 | - 188 609 |
| | | | | |
| II. Finansielle omløpsmidlar | | 196 065 | 181 991 | 14 074 |
| 1. Aksjar og andelar | 15 | 196 065 | 181 991 | 14 074 |
| | | | | |
| III. Kortsiktige fordringar | | 642 445 | 436 043 | 206 402 |
| 1. Kundefordringar | 13 | 42 365 | 43 352 | - 987 |
| 2. Andre kortsiktige fordringar | | 281 213 | 266 952 | 14 261 |
| 3. Premieavvik | 3 | 318 867 | 125 739 | 193 128 |
| **Sum eigendelar** | | **9 740 170** | **9 237 754** | **502 416** |
| | | | | |
| **EIGENKAPITAL OG GJELD** | | | | |
| **C. Eigenkapital** | | **2 154 437** | **2 070 250** | **84 187** |
| I. Eigenkapital drift | | 326 682 | 384 128 | - 57 446 |
| 1. Disposisjonsfond | 8 | 270 286 | 325 333 | - 55 047 |
| 2. Bundne driftsfond | 8, 12 | 56 396 | 58 795 | - 2 399 |
| | | | | |
| II. Eigenkapital investering | | 93 154 | 110 715 | - 17 561 |
| 1. Ubunde investeringsfond | 8 | 23 778 | 44 300 | - 20 522 |
| 2. Bundne investeringsfond | 8 | 69 376 | 66 415 | 2 961 |
| | | | | |
| III. Annan eigenkapital | | 1 734 601 | 1 575 407 | 159 194 |
| 1. Kapitalkonto | 10 | 1 717 909 | 1 558 715 | 159 194 |
| 2. Prinsippendringar vedr. arbeidskapitalen drift | 17 | 16 692 | 16 692 | - |
| | | | | |
| **D. Langsiktig gjeld** | | **6 997 244** | **6 645 070** | **352 174** |
| I. Lån | 6, 7, 9 | 3 796 342 | 3 625 745 | 170 597 |
| 1. Gjeld til kredittinstitusjonar | | 2 196 578 | 1 925 981 | 270 597 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 2. Obligasjonslån | | 919 764 | 1 319 764 | - 400 000 |
| 3. Sertifikatlån | | 680 000 | 380 000 | 300 000 |
| | | | | |
| II. Pensjonsforpliktelse | 3 | 3 200 902 | 3 019 325 | 181 577 |
| | | | | |
| **E. Kortsiktig gjeld** | **1** | **588 489** | **522 434** | **66 055** |
| I. Kortsiktig gjeld | | 588 489 | 522 434 | 66 055 |
| 1. Leverandørgjeld | | 145 804 | 107 186 | 38 618 |
| 4. Annen kortsiktig gjeld | 14 | 404 367 | 368 789 | 35 578 |
| 5. Premieavvik | 3 | 38 318 | 46 459 | - 8 141 |
| **Sum eigenkapital og gjeld** | | **9 740 170** | **9 237 754** | **502 416** |
| | | | | |
| **F. Memoriakonti** | | **0** | **0** | **-** |
| I. Ubrukte lånemidlar | | -226 136 | -185 317 | 40 819 |
| II. Andre memoriakonti | | - 25 664 | -25 634 | 0 |
| III. Motkonto for memoriakonti | | 251 770 | 210 951 | - 40 819 |

# Spesifikasjon og kommentarar til hovudoversikter

## Sentrale inntekter

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2023 | Rev.bud. 2023 | Rekneskap 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| **Frie disponible inntekter og andre sentrale inntekter** | | | | | |
| Rammetilskot | -1 071 443 | -1 119 317 | -1 154 556 | -1 156 559 | 2 003 |
| Inntekt- og formuesskatt | -976 411 | -929 883 | -943 744 | -953 550 | 9 806 |
| Eigedomsskatt | -106 805 | -82 290 | -89 550 | -95 831 | 6 281 |
| Andre generelle driftsinntekter | -92 153 | -78 356 | -108 977 | -118 958 | 9 981 |
| **Sum Frie disponible inntekter og andre sentrale inntekter** | **-2 246 811** | **-2 209 846** | **-2 296 827** | **-2 324 899** | **28 072** |

## Rammetilskot

Inntekter frå skatt og rammetilskot er til saman på 2 110 mill. kr i 2023, noko som er 11,8 mill. kr høgare enn i revidert budsjett for 2023. Det er 61 mill. kr høgare enn opphaveleg budsjett for 2023 og 62 mill. kr høgare enn i rekneskapen for 2022. Tala for 2022 inkluderer refusjon av ekstraordinære Koronautgifter med om lag 43 mill. kr. Held ein dette utanfor er auken frå 2022 på 105 mill. kr Sjå tabellen nedanfor for spesifikasjon av postane som inngår i rammetilskotet.

| Rammetilskot, skatt og skatteutjamning (tal i 1000 kr) | Rekneskap 2022 | Oppr. budsj. 2023 | Revidert budsj. 2023 | Rekneskap 2023 | Avvik 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| Innbyggjartilskot | -768 927 | -836 440 | -836 440 | -836 440 | 0 |
| Utgiftsutjamning | -38 594 | -30 953 | -30 953 | -30 953 | 0 |
| Korr. barn i statlege+private skular | 18 059 | 18 034 | 18 034 | 18 034 | 0 |
| Tilskot til INGAR (inntektsgarantiordn.) | 1 419 | 1 223 | 1 223 | 1 223 | 0 |
| Saker m/særskild fordeling | -13 389 | -28 169 | -27 924 | -28 169 | -245 |
| Skjønstilskot | -7 000 | -6 600 | -6 600 | -6 600 | 0 |
| Komp. bortfall eigedomsskatt prod.utstyr | -70 684 | -87 113 | -87 113 | -87 113 | 0 |
| Budsjettavtale + Rev. nasj. budsj. + div. endringar | 1 253 | -1 600 | -19 031 | -20 304 | -1 273 |
| Regionsentertilskot | -5 398 | -5 628 | -5 628 | -5 628 | 0 |
| Inndelingstilskot | -30 976 | -32 122 | -32 122 | -32 122 | 0 |
| **Sum ramme utan inntektsutjamning** | **-914 237** | **-1 009 368** | **-1 026 554** | **-1 028 072** | **-1 518** |
| | | | | | |
| Inntektsutjamning | -157 206 | -109 949 | -128 002 | -128 487 | -485 |
| **Sum rammetilskot** | **-1 071 443** | **-1 119 317** | **-1 154 556** | **-1 156 559** | **-2 003** |
| | | | | | |
| Skatt på formue og inntekt | -976 411 | -929 883 | -943 744 | -953 550 | -9 806 |
| **Sum skatt og rammetilskot** | **-2 047 854** | **-2 049 200** | **-2 098 300** | **-2 110 109** | **-11 809** |

Årsaka til meirinntekta i forhold til revidert budsjett er:

1. Ekstra bevilling til dekking av vaksinasjonsutgifter i nysaldering av statsbudsjettet for 2023 på 1,2 mill. kr.
2. Høgare skatteinntekter enn i revidert budsjett. Dette får effekt både på inntektsutjamninga som er 0,5 mill. kr høgare enn i revidert budsjett, og på skatteinntektene som er 9,8 mill. kr høgare enn budsjettert.

## Eigedomsskatt

Kommunen sine inntekter frå eigedomsskatten var i 2023 oppinneleg budsjettert med 82,3 mill. kr og korrigert i siste revidert budsjett til kr 89,6 mill. kr. Rekneskapen viser 95,8 mill. kr, som er 6,3 mill. kr betre enn revidert budsjett.

Hovudårsaka til det positive budsjettavviket i 2023 er at kommunen i desember 2023 fekk medhald i sak for Høgsterett om gyldigheit av to vedtak om eigedomsskatt for Mongstad kraftvarmeverk og Mongstad raffineri. Kommunen har tidlegare gjort ei tapsavsetning/risikoavsetning knytt til denne saken på kr 4,7 mill. kr som vi kunne inntektsføre etter å ha vunne fram i retten, og vi får difor eit positivt budsjettavvik på denne posten. I tillegg har kommunen inntektsført 1,6 mill. kr i eigedomsskatt for kabelanlegg knytt til Gjøa-anlegget på Mongstad som ikkje var med i kommunen sitt opphavelege framlegg til budsjett for 2023.

## Andre generelle driftsinntekter

**Andre generelle driftsinntekter består av følgjande postar:**

| Andre generelle driftsinntekter (1000 kr) | Rekneskap 2022 | Oppr. budsj. 2023 | Budsj. 2023 (rev.) | Rekneskap 2023 | Avvik 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| Rentekompensasjon Husbanken | -4 918 | -5 360 | -5 360 | -6 670 | -1 310 |
| Statstilskot til drift av frivilligsentralar | -1 344 | | | | |
| Tilskot Havbruksfondet | -33 952 | -9 000 | -9 000 | -17 707 | -8 707 |
| Konsesjonskraftinntekter | | | | -157 | -157 |
| Naturressursskatt | -83 | | | -83 | -83 |
| Integreringstilskot | -51 856 | -63 996 | -94 617 | -94 341 | 276 |
| **Sum andre generelle driftsinntekter** | **-92 153** | **-78 356** | **-108 977** | **-118 958** | **-9 981** |

Vi har i rekneskapen ein relativt stor auke i andre driftsinntekter frå 2022 til 2023 på 26,8 mill. kr, frå 92,1 mill. kr i 2022 til 119,0 mill. kr i 2023.

I opphaveleg budsjett 2023 var det lagt inn integreringstilskot på 64 mill. kr for 2023, ein auke i forhold til nivået i 2022 på om lag 12 mill. kr. På grunn av auka tal flyktningar som følgje av krigen i Ukraina vart den faktiske aktiviteten i flyktningetenesta større enn rekna med og vi fekk tilsvarande meir i tilskot. Budsjettet er i løpet av 2023 oppjustert med om lag 31 mill. kr for å reflektere dette. Inntekter frå Havbruksfondet er vanskeleg å budsjettere, då vi har liten oversikt over det som ligg til grunn for tildelinga til kommunane. Inntektene for 2023 er 8,7 mill. kr høgare enn budsjettert.

## Sentrale utgifter

*Beløp i 1000*

## Finansinntekter og -utgifter

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2023 | Rev.bud. 2023 | Rekneskap 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|
| **Finansinntekter/-utgifter** | | | | | |
| Renteinntekter | -25 947 | -29 770 | -35 770 | -43 966 | 8 196 |
| Utbytte | -31 622 | -36 000 | -61 000 | -61 494 | 494 |
| Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel | 2 560 | 0 | 0 | -14 074 | 14 074 |
| Renteutgifter | 35 509 | 69 770 | 79 770 | 92 856 | -13 086 |
| Avdrag på lån | 90 342 | 106 000 | 104 500 | 104 981 | -481 |
| **Sum Finansinntekter/-utgifter** | **70 842** | **110 000** | **87 500** | **78 303** | **9 197** |

Finansinntektene vart samla på kr 119,6 mill. kr i 2023, som er 22,8 mill. kr høgare enn i revidert budsjett. Finansinntektene består av:

- Renteinntekter med 44,0 mill. kr.
- Utbytte frå BKK med 61,5 mill. kr.
- Avkastning på finansielle omløpsmidlar med 11,0 mill. kr i 2023 knytt til kommunen sine langsiktige plassert midlar i DnB Asset Management.
- Avkastning på kortsiktig plasserte fondsmidlar har kommunen 3,1 mill. kr.

Finansutgiftene består av renteutgifter og avdragsutgifter. Renteutgifter er i 2023 bokført med 92,9 mill. kr, som er 13,1 mill. kr høgare enn revidert budsjett.
Utgiftene er auka med 57,4 mill. kr frå 2022 (auke med 162%), og reflekterer den store auken i rentenivå som har vore det siste året.

Avdrag er betalt med 105 mill. kr, same som i revidert budsjett. Betalte avdrag er basert på utrekning av minimumsavdrag etter kommunelova. Berekninga framgår av note 6 i årsrekneskapen for 2023. Avdraga er om lag 15 mill. kr høgare i 2023 enn i 2022. Dette skuldast at vi i 2023 har fleire nye investeringar som inngår i grunnlaget for berekning av minimumsavdraget.

# Status økonomiske måltal

Her følgjer oppsummering av status økonomiske måltal per 31.12.2023:

## Disposisjonsfond

Alver kommune har vedteke som eit av sine økonomiske måltal at disposisjonsfond bør vere på 15% av kommunen sine frie inntekter. Måltalet på disposisjonsfond må sjåast opp mot den risiko som kommunen er utsett for, og måltalet vil derfor naturleg variere frå kommune til kommune. Alver kommune har høge inntekter frå eigedomsskatt på tidlegare verk og bruk, og når overgangsordninga er avslutta i 2025, skal bortfallet av dei tidlegare inntektene frå eigedomsskatt på verk og bruk kompenserast fullt ut gjennom auka overføringar i rammetilskotet frå staten. Dersom det vert gjort endringar i kompensasjonsordninga, er det svært viktig at Alver kommune har avsett midlar som gjer at vi kan handtere dette utan at det på kort sikt går utover tilbodet til innbyggjarane våre gjennom ikkje planlagde nedskjeringar eller reduksjon i tenestetilbodet.

I økonomiplanen for 2024 – 2027 er det lagt opp til at nær sagt heile disposisjonsfondet vert nytta til å dekke det budsjettert meirforbruk (underskot) på drifta i økonomiplan-perioden. Disposisjonsfondet vil med det vere om lag 0,5% ved utgangen av 2026. Per 31.12. 2023 er status på avsetnad på disposisjonsfond på 12,8% av dei frie inntektene, og såleis 2,2% under måltalet på 15%.

| **Disposisjonsfond (tal i 1000 kr)** | **31.12.23** |
|---|---|
| | |
| **Fond langsiktig plassering:** | |
| Fond for svingingar i langsiktig plassering | 20 000 |
| Langsiktig plasserte midlar | 100 000 |
| **Sum fond langsiktig plassering per 31.12** | **120 000** |
| | |
| | |
| Ordinære disp.fond | |
| **Generelt disp.fond 01.01** | 205 333 |
| Bruk i 2022 | -55 047 |
| **Sum generelt disposisjonsfond per 31.12.** | **150 286** |
| **Sum disposisjonsfond per 31.12** | **270 286** |
| Herav næringsfond | 3 156 |
| Herav infrastruktur trafikksikringsfond | 7 390 |
| Herav andre formålsfond | 1 124 |
| | |
| Frie inntekter (sum skatt og rammetilskot) | 2 110 109 |
| **Disposisjonsfond i % av frie inntekter** | **12,8 %** |

## Utvikling i netto driftsresultat

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap i fjor | Opph. bud. | Rev. bud. | Rekneskap |
|---|---|---|---|---|
| **Bruk av avsetninger** | | | | |
| Bruk av bundne driftsfond | -15 976 | -2 816 | -3 316 | -11 877 |
| Bruk av disposisjonsfond | -14 516 | -159 176 | -107 113 | -55 955 |
| **Sum bruk av avsetnader** | **-30 492** | **-161 992** | **-110 429** | **-67 831** |
| **Avsetninger** | | | | |
| Overføring til investering | 5 317 | 9 600 | 9 400 | 8 947 |
| Avsetninger til bundne driftsfond | 11 456 | 0 | 0 | 9 477 |
| Avsetninger til disposisjonsfond | 0 | 0 | 0 | 908 |
| **Sum avsetnader** | **16 773** | **9 600** | **9 400** | **19 332** |
| | | | | |
| **Netto driftsresultat** | **13 720** | **152 392** | **101 029** | **48 499** |
| | | | | |
| **Sum driftsinntekter** | **-2 933 619** | **-2 746 439** | **-2 860 389** | **-3 124 478** |
| | | | | |
| **Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter** | **-0,5 %** | **-5,5 %** | **-3,5 %** | **-1,6 %** |

## Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter




| Indikator | KOSTRA 2020 | KOSTRA 2021 | Regnskap 2022 | Budsjett 2023 | Resultat 2023 | Øk.plan 2024 | Øk.plan 2025 | Øk.plan 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Resultat/Prognose | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | -3,5 | 0,0 | 0,0 | 0,0 |
| Resultat/Budsjett | 0,4 | 2,9 | -0,5 | -3,5 | 0,0 | -2,5 | -0,3 | 0,7 |
| Handlingsregel | 3,0 | 3,0 | 3,0 | 3,0 | 3,0 | 3,0 | 3,0 | 3,0 |

## Netto lånegjeld

Netto lånegjeld er berekna på same vis som det vert gjort i SSB sin Kostra-statistikk, og er definert som langsiktig gjeld (eksklusive pensjonsforpliktingar) med frådrag av totale utlån og ubrukte lånemidlar. I totale utlån inngår formidlingslån og ansvarlege lån.

Ordinære lån til investeringar og vidare utlån utgjorde 3 796 mill. kr ved utgangen av 2023. Netto lånegjeld er 2 993 mill. kr. Netto lånegjeld pr. innbyggjar er 99 839 kr, ein auka med 1 815 kr per innbyggjar det siste året. I 2023 er det tatt opp lån til investeringar innan sjølvkost og til generelle investeringar på 154 mill. kr, og lån i Husbanken til vidareutlån på 150 mill. kr., tilsaman 304 mill. kr. Det er betalt avdag med til saman 133 mill. kr. Lån til vidareutlån vert vidareformidla som utlån (Startlån) til kommunen sine innbyggjarar.

| FOLKETAL | 31.12.2021 | 31.12.2022 | 31.12.2023 | Endring 2022 | Endring 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| Innbyggjarar | 29 593 | 29 920 | 29 986 | 327 | 66 |
| | | | | | |
| **Lånegjeld, utlån og ubrukte lånemidlar (tal i 1000 kr)** | **Rekneskap 31.12.2021** | **Rekneskap 31.12.2022** | **Rekneskap 31.12.2023** | **Endring 2022** | **Endring 2023** |
| Langsiktig gjeld | 3 504 250 | 3 625 745 | 3 796 342 | 121 495 | 170 597 |
| Utlån formidlingslån | -373 136 | -463 545 | -539 655 | -90 409 | -76 110 |
| Utlån eigne midlar | -46 207 | -43 995 | -36 781 | 2 212 | 7 214 |
| Ubrukte lånemidlar | -216 996 | -185 318 | -226 137 | 31 678 | -40 819 |
| **Sum netto lånegjeld** | **2 867 911** | **2 932 887** | **2 993 769** | **64 976** | **60 882** |
| **Netto lånegjeld pr. innbyggjar (kr)** | **96 912** | **98 024** | **99 839** | **1 112** | **1 815** |

## Netto renteberande gjeld

Alver kommune har vedteke som eit av dei økonomiske måltala at netto renteberande gjeld skal vere mindre enn 100% av Alver sine frie inntekter.

Alver kommune har definert netto renteberande gjeld som all langsiktig gjeld med frådrag av utlån og lån til sjølvkostfinansierte investeringar innan vatn og avlaup (VA). Lån til VA-investeringar er sett lik verdi av anleggsmidlar knytt til sjølvkostområda for vatn og avlaup. I utrekninga av netto renteberande gjeld forutset vi såleis at VA-området er 100% lånefinansiert, og at årlege avdrag til dette området er lik dei årlege avskrivingane på VA-investeringane.

Tabellen viser at netto renteberande gjeld per 31.12.2023 utgjer 108 % av frie inntekter (ned frå 110% per 31.12.2022), og er såleis 8% over måltalet på 100%. Dette utgjer om lag 170 mill. kr høgare gjeld enn måltalet. Nedgangen i denne gjeldsgraden skuldast at inntektene har auke meir enn gjelda i løpet av 2023. For å kunne komme innanfor det vedtekne måltalet på 100% er det fortsatt trong for moderat investeringsnivå (utanom sjølvkostområda Vatn- og Avlaup), med ein gjeldsvekst som ligg lågare enn den årlege veksten i inntekter.

| **Netto renteberande gjeld (mill kr)** | **31.12.2021** | **31.12.2022** | **31.12.2023** |
|---|---|---|---|
| Langsiktig gjeld | 3 504 | 3 626 | 3 796 |
| Utlån formidlingslån | - 373 | - 463 | - 540 |
| Utlån eigne midlar | - 46 | - 44 | - 37 |
| Lån til VA-investeringar finansiert med gebyrinntekter | - 801 | - 875 | - 939 |
| **Netto renteberande gjeld** | **2 284** | **2 244** | **2 280** |
| | | | |
| Frie inntekter (skatt/rammetils.) | 1 905 | 2 048 | 2 110 |
| **Netto renteberande gjeld i % av frie inntekter** | **120 %** | **110 %** | **108 %** |
| | | | |
| Eigedomsskatt | 117 | 107 | 96 |
| Frie inntekter og eigedomsskatt | 2 022 | 2 155 | 2 206 |
| **Netto renteberande gjeld i % av sum av frie inntekter og eiged.skatt** | **113 %** | **104 %** | **103 %** |

## Risikofaktorar og kommunens økonomiske stilling – forhold som har økonomisk betydning for kommunen

Alver kommune har midlar plassert i bank, fond (kortsiktig), og langsiktig plassert 100 mill. kr i samsvar med finansreglementet. Alver kommune er utsett for risiko knytt til rentenedgang på innskot og lågare avkastning på fond. I tillegg er det knytt risiko til dei langsiktige plasserte midlane i forhold til verdireduksjon og lågare avkastning. For å kunne handtere denne risikoen på kort sikt, har kommunestyret vedtatt å opprette eit fond «Fond for lågare avkastning» på 20 mill. kr.

Den største risikoeksponeringa Alver kommune er utsett for, er renteauke på lånegjelda, endringar i eigedomsskatt, og omfanget av kompensasjonen som skal dekke bortfall av eigedomsskatt på tidligare verk og bruk etter endringane i eigedomsskattelova.

Alver kommune har ein høg lånegjeld, og ved utgangen av 2023 var lånegjelda på 3 796 mill. kr. Rentenivået har i 2023 fortsatt å auke, men det er signal i pengepolitisk rapport frå Norges Bank av vi ved utgangen av 2023 har nådd rentetoppen. Vekta gjennomsnittleg lånerente på gjeldsporteføljen per 31.12.2023 er på 4,1%. Tilsvarande rente per 31.12.2022 var 3,0%. Renta har gjennom 2023 steget til eit høgare nivå enn rekna med når budsjettet

vart utarbeidd hausten 2022. Der budsjetterte vi med ei gjennomsnittsrente for 2023 med 3,3% på kommunen gjeldsportefølje.

Det er signal i pengepolitisk rapport (nr 1-2024) frå Norges Bank om at renta vil stabilisere seg og gå litt ned i åra framover. Per idag er styringsrenta til Norges Bank på 4,5%, men den er no venta å gå ned til 2,9% innan utgangen av 2027. I økonomiplanen for 2024-2027 har kommunen lagt til grunn en gjennomsnittleg rentesats på kommunen sine lån på 4,2 % i 2024, avtagande til 4,1% i 2027. Det kan difor vere håp om at renteutgiftene til kommunen vil kunne bli noko lågare enn det som er budsjettert i økonomiplanperioden. Det er likevel fortsatt usikkerheit i rentemarknaden, og det er difor vanskeleg å lage gode prognosar for utviklinga vidare framover.

Ein renteauke på 1% utgjer om lag 23 mill. kr per år i auka netto renteutgifter. Utrekninga er basert på tal for netto renteberande gjeld, ekskl. renter på investeringar innan VA-området. For å finansiere ein renteauke på 1% må Alver kommune redusere driftsnivået med tilsvarande beløp, noko som utgjer om lag 30 årsverk.

I 2023 er det motteke utbytte frå Eviny på 61,5 mill. kr. Ein må vere merksam på at det kan skje endringar i selskapa Alver kommune er medeigarar i, noko som gjer at nivået på utbytte kan verte redusert.

I 2023 har Alver kommune inntekter på 96 mill. kr frå eigedomsskatt på verk og bruk. Av dette er om lag 50 mill. skatt på næring, nettanlegg mm. som vi fortsette etter 2025.
I tillegg fekk Alver kommune som del av det ordinære rammetilskotet 87 mill. kr i kompensasjon for bortfall av eigedomsskatt på verk og bruk.

Inntektene frå eigedomsskatt er nytta til å finansiere drifta i Alver kommune. Stortinget vedtok i 2018 at dei tidlegare reglane for eigedomsskatt på verk og bruk skulle opphøyra frå 01.01.2019. Skatten vert så trappa ned med 1/7 del per år i 7 år, og utgår dermed heilt frå 2025. Det er samstundes vedteke overgangsreglar for å kompensere dei kommunane som får inntektsbortfall som følgje av at eigedomsskatten for vert og bruk vert fasa ut. I vedtaket om kompensasjonsordninga som del av statsbudsjettet for 2019, var det forutsett at kommunane skulle få tilnærma full kompensasjon for inntektsbortfallet, med ei årleg auke tilsvarande nedtrappinga av eigedomsskatten for verk og bruk. I Statsbudsjettet for 2020 og særleg i 2021 er kompensasjonsordninga svekka med innføring av botnfrådrag. Alver kommune sin forventa kompensasjon i 2025 er dermed redusert med mellom 10 og 20 mill. kr i forhold til intensjonen ved innføring av ordninga i 2019. Denne type inntekter og kompensasjon for tidlegare eigedomsskatt kan ikkje reknast som langvarige sikre inntekter, då det kan skje ytterlegare endringar i regelverket som regulerer adgangen til eigedomsskatt og endringar både i kompensasjonsmodell og varigheit. Regjeringa har ikkje tatt stilling til kva som vil skje med kompensasjonsordninga etter 2025, og Alver kommune må ta denne usikkerheita inn i framtidig økonomisk planlegging.

Det er svært viktig at Alver kommune har avsett midlar på disposisjonsfond til å dekkje ein endring i inngangen på eigedomsskatt eller endring i nivået vi får kompensert, då ein endring på dette området vil få betydelege konsekvensar for Alver kommune. Vidare er det naudsynt at det er sett av midlar på disposisjonsfond til å kunne dekkje ei uventa renteendring.

I samsvar med kommuneloven § 14-7, punkt a skal det i årsberetninga «gis opplysningar om forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklinga og stillinga, og om den økonomiske utviklinga og stillinga ivaretar den økonomiske handleevnen over tid». På bakgrunn av dette kravet er det naturleg at demografiutviklinga i kommunen omtalast.

Befolkningsprognosene syner ei tydeleg utvikling i dei kommande åra, der det vil verte færre born i skule og barnehage og fleire innbyggjarar som vil ha trong for helse og omsorgstenester. Det er i den økonomiske planlegginga lagt inn ein auke innan helse og omsorgstenester og ein reduksjon i rammene til skule og barnehage sektoren. Det er avgjeranade at det vert gjort strategiske val for å handtere reduksjonen i barnetal i dei komande

åra. Arbeidet er planlagt gjennomført gjennom skule og barnehagebruksplan, der kommunestyret gjennom planarbeidet skal ta stilling til framtidig skule og barnehagestruktur for å handtere dei økonomiske utfordringane.

# Investeringar

## §5-5 Bevilgningsoversikt - investering (2A)

| *Beløp i 1000* | Note | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Rekneskap 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Investeringar i varige driftsmidlar | 4, 10 | 260 847 | 321 986 | 395 627 | 240 972 | 154 655 |
| Tilskot til andre sine investeringar | | 2 367 | 0 | 1 500 | 2 367 | -867 |
| Investeringar i aksjar og andelar i selskap | | 5 317 | 6 400 | 9 400 | 8 878 | 522 |
| Utlån av eigne midlar | 11 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avdrag på lån | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum investeringsutgifter** | | **268 531** | **328 386** | **406 527** | **252 217** | **154 310** |
| | | | | | | |
| Kompensasjon for meirverdiavgift | | -13 444 | -26 807 | -49 995 | -14 787 | -35 208 |
| Tilskot frå andre | | -74 964 | -46 440 | -60 190 | -34 784 | -25 406 |
| Sal av varige driftmiddel | | -24 481 | -100 | -150 | -9 892 | 9 742 |
| Sal av finansielle anleggsmiddel | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Utdeling frå selskap | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Mottatte avdrag på utlån av eigne middel | | -2 500 | -2 500 | -2 500 | -7 576 | 5 076 |
| Bruk av lån | | -147 709 | -242 939 | -263 692 | -155 711 | -107 981 |
| **Sum investeringsinntekter** | | **-263 099** | **-318 786** | **-376 527** | **-222 749** | **-153 778** |
| | | | | | | |
| Vidareutlån | 10 | 124 488 | 150 000 | 150 000 | 107 470 | 42 530 |
| Bruk av lån til vidareutlån | | -124 488 | -150 000 | -150 000 | -107 470 | -42 530 |
| Avdrag på lån til vidareutlån | | 28 712 | 31 400 | 31 400 | 28 422 | 2 978 |
| Mottatte avdrag på vidareutlån | 10 | -34 122 | -31 400 | -31 400 | -31 384 | -16 |
| **Netto utgifter vidareutlån** | | **-5 410** | **0** | **0** | **-2 961** | **2 961** |
| | | | | | | |
| Overføring frå drift | | -5 317 | -9 600 | -9 400 | -8 947 | -453 |
| Avsettingar til bundne investeringsfond | 8 | 5 410 | 0 | 0 | 2 961 | -2 961 |
| Bruk av bundne investeringsfond | 8 | -2 727 | 0 | -20 600 | 0 | -20 600 |
| Avsetningar til ubunde investeringsfond | 8 | 2 612 | 0 | 0 | 126 | -126 |
| Bruk av ubunde investeringsfond | | 0 | 0 | 0 | -20 648 | 20 648 |
| Dekning av tidlegare års udekka beløp | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum overføring frå drift og netto avsettingar** | | **-22** | **-9 600** | **-30 000** | **-26 507** | **-3 493** |
| | | | | | | |
| **Framført til inndekning i seinare år (udekt)** | | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

Tabellen over viser at Alver kommune sine bruttoinvesteringar i anleggsmidlar (bygningar, vegar, anlegg o.a.) i 2023 var på 241 mill. kr. I tillegg kjem tilskot til andre sine investeringar med 2,4 mill. kr og kjøp av aksjar og andelar på 8,9 mill. kr. Til saman er investeringsutgiftene på 252,2 mill. kr. Revidert budsjett er på 406,5 mill. kr, og avviket på 154,3 mill. kr skuldast i all hovudsak at ein del investeringsprosjekt hadde ein lågare framdrift i 2023 enn rekna med. Restmidlane på dei aktuelle prosjekta er overført til budsjett 2024 i sak handsama av kommunestyret i februar 2024. Budsjettet for 2024 er då auka opp med desse overføringane, men budsjettet for 2023 er ikkje tilsvarande redusert, då vi ikkje har anledning til å vedta budsjettendringar etter at rekneskapsåret er avslutta.

Kommentar til status på kvar einskild prosjekt følgjer i tabell nedanfor.

Sum investeringsinntekter er på til saman 222,7 mill. kr. Av dette er bruk av lånemidlar er på 155,7 mill. kr, merverdiavgiftskompensasjon er på 14,8 mill. kr og andre finansieringsinntekter er til saman 52,3 mill. kr. Andre finansieringsinntekter er lågare enn budsjett. Tilskot og refusjonar frå andre er inntektsført med 34,8 mill. kr mot budsjettert 60,2 mill. kr, ei mindreinntekt på 25,4 mill. kr. Sal av driftsmidlar er inntektsført med 9,9 mill kr mot budsjettert 0,15 mill. kr. Desse avvika skuldast i hovudsak:

- Tilskot frå andre:
  - Tilskot Equinor prosjekt Vågseidet - Sjurset vannleidning kr 5,6 mill. kr mindre enn budsjettert. Framdrift lågare enn budsjettert, restbudsjett overført til 2024.
  - Knarvik utbygging: Budsjettert anleggsbidrag på 26,6 mill. kr - ikkje noko rekneskapsført. Forventa aktivitet frå utbyggjarar er lågare enn forutsett i budsjettet for 2023. Sjå kommentar under Areal og anna utbygging nedanfor der det går fram eit mindreforbruk også på utgiftssida.
- Andre postar:
  - På prosjekt kjøp og sal av bustader er det ført sal av eigedommar med 5,7 mill. kr.
  - Forsikringsoppgjer ikkje budsjettert kr 4,8 mill. kr. Til dekking av tilsvarande utgifter.

Vidareutlån (startlån) er bokført med 107,5 mill. kr, som er 42,5 mill. kr lågare enn revidert budsjett på 150 mill. kr. Dette skuldast lågare utlån enn budsjettert.

Til slutt i oppsummeringa kjem overføring frå drift og netto avsetningar til investeringsfond med netto kr 26,5 mill. kr i rekneskapen. Posten er budsjettert med 30 mill. kr. Sum av investeringsinntekter, netto vidareutlån og interne finansieringstransaksjonar er i 2023 på 252,2 mill. kr, og balanserer dermed med finansieringsbehovet oppsummert i §5-5 Bevilgningsoversikt - investering (2B) - per prosjekt.

# §5-5 Bevilgningsoversikt - investering (2B) - per prosjekt

## 1. Investeringar i varige driftsmidlar

*Beløp i 1000*

| | Note | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Rekneskap 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **IKT og administrasjon** | | | | | | |
| Digitalisering Nordhordland | | 4 246 | 4 250 | 4 375 | 4 373 | 2 |
| Nettbrett skuleelevar | | 1 827 | 2 760 | 2 760 | 2 906 | -146 |
| Datautstyr skulane | | 1 779 | 0 | 0 | 289 | -289 |
| Sjukesignalanlegg - sjukeheimar | | 0 | 0 | 2 000 | 0 | 2 000 |
| IKT-utstyr møterom | | 0 | 160 | 160 | 0 | 160 |
| Utbygging WiFi og datanett kommunale bygg | | 803 | 0 | 800 | 0 | 800 |
| Digitalt kartverk | | 182 | 0 | 117 | 413 | -296 |
| **Sum IKT og administrasjon** | | **8 838** | **7 170** | **10 212** | **7 981** | **2 231** |
| | | | | | | |
| **Administrasjonsbygg** | | | | | | |
| Investering kommunale bygg | | 3 584 | 7 450 | 9 573 | 12 487 | -2 914 |
| Rehabilitering tak diverse kommunale bygg | | 4 313 | 11 500 | 10 296 | 10 370 | -74 |
| Utstyr Helsehus NHLV, Fysio og Legeteneste | | 87 | 0 | 103 | 0 | 103 |
| Skilt kommunale bygg | | 0 | 4 000 | 0 | 68 | -68 |
| **Sum Administrasjonsbygg** | | **7 983** | **22 950** | **19 972** | **22 925** | **-2 953** |
| | | | | | | |
| **Barnehagebygg** | | | | | | |
| Lindås barnehage | | 508 | 1 000 | 1 000 | 1 011 | -11 |
| Bø Barnehage | | 329 | 1 000 | 1 000 | 125 | 875 |
| Investering barnehagebygg | | 0 | 800 | 1 140 | 450 | 690 |
| Solhall oppgradering tak | | 4 398 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum Barnehagebygg** | | **5 234** | **2 800** | **3 140** | **1 586** | **1 554** |
| | | | | | | |
| **Skulebygg** | | | | | | |
| Ny Alversund barneskule inkl hall og infrastruktur | | 2 105 | 545 | 500 | 490 | 10 |
| Knarvik barneskule inkl. hall | | 2 001 | 200 | 400 | 54 | 346 |
| Eikanger skule - Oppgradering | | 601 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Eikanger skule - Trafikksikring | | 3 526 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Knarvik ungd.sk.  Uteområde | | 2 602 | 5 000 | 5 000 | 150 | 4 850 |
| Leikeplassutstyr | | 550 | 500 | 500 | 170 | 330 |
| Investering skulebygg | | 2 336 | 3 204 | 3 773 | 2 779 | 994 |
| Frekhaug - Ny ungdomsskule | | 0 | 1 000 | 1 000 | 539 | 461 |
| Tomt ny Alversund barneskule | | 35 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Vaskerobot Alversund skule | | 630 | 0 | 0 | 31 | -31 |
| Ombygging Rossland skule | | 0 | 0 | 3 000 | 1 828 | 1 172 |
| **Sum Skulebygg** | | **14 386** | **10 449** | **14 173** | **6 041** | **8 132** |
| | | | | | | |
| **Kultur og idrett** | | | | | | |
| Utstyr idrettsanlegg | | 0 | 300 | 600 | 389 | 211 |
| Investering kultur og idrett | | 0 | 0 | 0 | 33 | -33 |
| Kommunehuset på Manger  - kulturhus/ kino - rehabilitering | | 1 090 | 500 | 500 | 225 | 275 |
| Dagsturhyttar | | 1 987 | 283 | 38 | 140 | -102 |
| Meieriet Frekhaug | | 0 | 200 | 0 | 0 | 0 |
| Meieriet - uteområde, lys/lyd | | 808 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Manger  - Turstiar | | 175 | 0 | 0 | 0 | 0 |

| | Note | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Rekneskap 2023 | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Meland - Parkering/rasteplassar | | 29 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Radøyhallen oppgradering | | 1 840 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Knarvik - Nytt kunstgrasdekke | | 2 102 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Nytt kunstgrasdekke på Ostereidet | | 9 936 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Tilpasning til ny forskrift kunstgrasbaner | | 2 765 | 2 995 | 1 495 | 58 | 1 436 |
| Utlånsautomatar Bibliotek | | 0 | 200 | 500 | 557 | -57 |
| Løe Alversund | | 0 | 0 | 500 | 53 | 447 |
| **Sum Kultur og idrett** | | **20 733** | **4 478** | **3 633** | **1 454** | **2 179** |
| | | | | | | |
| **Bustader** | | | | | | |
| Nye bustader rus og psykiatri | | 0 | 0 | 1 500 | 992 | 508 |
| Investering bustader | | 1 747 | 0 | 1 807 | 1 305 | 502 |
| Kjøp og sal av bustader | | 11 102 | 0 | 80 000 | 27 510 | 52 490 |
| Mjåtveitstø Bufellesskap | | 87 | 10 000 | 13 913 | 7 555 | 6 358 |
| Utbetring tak kommunale bustader | | 0 | 0 | 3 870 | 2 020 | 1 850 |
| **Sum Bustader** | | **12 936** | **10 000** | **101 090** | **39 382** | **61 708** |
| | | | | | | |
| **Institusjon og omsorgsbustader** | | | | | | |
| Investering institusjon og omsorgsbustader | | 215 | 1 950 | 1 950 | 904 | 1 046 |
| Samlokalisering omsorgsbustader pluss - habiliteringstenesta | | 52 | 0 | 2 745 | 626 | 2 119 |
| Knarvik sjukeheim - div. oppgradering | | 919 | 0 | 382 | 0 | 382 |
| Einelia - div. oppgradering | | 498 | 0 | 0 | 0 | 0 |
Inkluderande arbeidsgjevarpolitikk med fokus på livsfasepolitikk, fleksitidsordning og årsturnus, er tiltak som skal legge til rette for ei god kombinasjon av arbeidsliv og familieliv for begge kjønn, i ulike fasar av arbeidslivet. Rutinar for tilsettingsprosessar ol. er tilgjengeleg i kvalitetssystemet, og skal t.d. sikre lik praktisering av tilsettingsprosessar, sjukefråværsoppfølging mm i tråd med lov og avtaleverk. Leiarkompetanse og rutinar for «tilsetting frå A til Å» bidreg til kunnskap og medvitenhet mtp. både likestilling og heiltidsproblematikk, men det er kontinuerleg behov for tiltak som styrkar slik kompetanse. Det er gjennomført leiaropplæring i 2023.

Det pågår også anna arbeid i sektorane for å sikre likestilling og hindre diskriminering. Medviten bruk av språk, bilete, symbol, samt særskilt opplæring av «Kommune-Kari» på innbyggjarportalen er døme på slike tiltak.

Flaggreglementet er styrande for Alver kommune si flagging på og ved kommunale bygg, anlegg og andre eigedomar, med både sameflagg, FN-flagg og regnbogeflagg.

## Etikk

Kommunestyret i Alver vedtok hausten 2020 «Politisk styringsstruktur og reglement». Dette dokumentet inkluderer mellom anna etisk reglement, og er gjeldande for politikarane i Alver og dei tilsette. Det er arbeidd med politisk styringsstruktur og reglement i 2022 og oppdatert reglement vert vedteke i kommunestyret våren 2023.

Kommunens innkjøpsreglement gjev føringar for korleis kommunen skal gjere sine innkjøp og hindre at tilsette skal kome i rolle som leverandør (seljar) til kommunen. Reglementet skal sikre at tilsette ikkje kjem i ein situasjon der det er utydeleg kva rolle ein har, og motverke at vi som tilsette skal ha blanda eller motstridande interesser.

## Internkontroll

### Kvalitetssystemet

På sektorovergripande nivå er det lagt ned eit betydeleg arbeid med opplæring og utvikling av kvalitetssystemet som vart lansert i november 2021.  I dei første åra med kvalitetssystemet har det vore mest fokus på avvik og dokumenthandsaming. I 2023 vart det sett i gang eit større arbeid med å ta i bruk risikomodulen. Mange avdelingar har fått opplæring, og arbeidet vert vidareført i 2024.

### Avvik og forbetringsarbeid

Etter ei tid med opplæring, har kommunedirektøren sett fokus på strategisk oppfølging av avvik og avvikshandtering med i 2023. Avvik har vore fast tema på kommunedirektøren sitt leiarmøte ein gong i månaden, samt at det har vore utviklingsprosjekt i sektorane Teknisk forvaltning og drift, Samfunnsutvikling og Oppvekst. Det har vore jobba mykje med leiar si rolle i avvikshandsaming, og fokus har vore på hensikt og gevinstar ved å melde og handsame avvik og forbetringsforslag.

Det er utvikla ei avviks- og forbetringstrapp som skildrar korleis avdelingane/tenesteområda stegvis kan utvikle kultur og kompetanse for å bli betre.
I 2023 er det meldt inn 3887 avvik, som er 634 fleire enn i 2022.



(Avvik 2023. Kjelde: Avvikssystemet i Alver kommune)

## Sektorovergripande dokument

Dokumentmodulen i kvalitetssystemet er i stadig utvikling, og i 2023 vart det oppretta 338 nye dokument fordelt på alle sektorane.

Døme på sektorovergripande rutinar og retningslinjer utarbeidd i 2023:

- AKAN-retningslinjer for Alver kommune
- Retningslinje for førebygging og handtering av trugslar, trakassering og vald
- Retningslinje for utarbeiding av lokal rutine for oppfølging av Handlingsplan mot vald i nære relasjonar
- Overordna rammeverk - Digital sikkerheit, informasjonssikkerheit og personvern
- Trygg og sikker bruk av data og informasjon i Alver kommune
- Retningslinje for bruk av kunstig intelligenstenester som ChatGPT i Alver kommune

## Informasjonssikkerheit og personvern

Informasjonssikkerheit og personvern er sett på dagsorden i 2023, og etablert eit overordna rammeverk  med styrande prinspp for digital sikkerheit, informasjonssikkerheit og personvern.

Sikkerheitsorganisasjonen “digital sikkerheit” er eit samarbeid mellom alle kommunar og tilhøyrande organisasjonar i eller knytt til Nordhordlandssamarbeidet. Sikkerheitsorganisasjonen har jobba med tre hovudfokusområder: risiko, beredskap og bevisstgjering. I løpet av 2023 har følgjande mål blitt nådd i sikkerheitsorganisasjonen “digital sikkerheit”.

- Kommunens sikkerheitsorganisasjon og felles sikkerheitsorganisasjon er etablert.
- Overordna rammeverket for digital sikkerheit, informasjonssikkerheit og personvern er vedtatt
- Dei første tiltakskorta for informasjonssikkerheit og personvern er utarbeida
- Det er utført ei kartlegging av sikkerheitskultur i kommunane og organisasjonane som er tilknytt sikkerheitsorganisasjonen
- Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse ( digiROS 2023) er levert og presentert
- Ny side på intranettet “digital sikkerheit” er oppretta
- Sikkerheitsmånaden blei gjennomført med kampanje og sikkerheitskonkurranse
- Arbeidet med å gjennomføre ROS og DPIA på systemnivå er igangsett
- Arbeid med systemoversikt og behandlingsprotokoll igangsatt, både i fellesskap og i den enkelte kommune

Alver kommune var ein av 100 kommunar som fekk brevkontroll frå Datatilsynet våren 2023. Brevkontrollen var ein kontroll av personopplysningssikkerheita i norske kommunar og fylkeskommunar. Tilbakemeldinga på brevkontrollen vart levert som ein samlerapport for alle brevkontrollane som vart gjennomført. Brevkontrollen i Alver vart svart ut med god hjelp frå sikkerheitsorganisasjonen.

Det har blitt jobba mykje med å få systemoversikt, og behandlingsprotokoll på plass. Alle sektorar har fått tilbod om opplæring og kurs i tema innafor informasjonssikkerheit og personvern. Det vart meldt inn 94 avvik innan kategorien informasjonssikkerheit og personvern, det er 46 meir enn i 2022.

## Juridisk kvalitetssikring

Kommuneadvokatkontoret har ei viktig rolle i internkontrollarbeidet gjennom opplæring, rådgjeving og juridisk kvalitetssikring av sakshandsamingsprosessar og rutinar, retningslinjer og reglement.

## KF delegering

KF Delegeringsreglement er ei digital løysning for å delegere mynde. Systemet inneheld alle lovparagrafar som gjev kommunen mynde eller plikter. Det har gjennom 2023 vore gjort ein systematisk gjennomgang av alle lovparagrafar og dei er knytt opp mot sektorar og ansvarsområde i kommunen. Det er eit mål at den digitale løysinga vert nytta som forutsett når gjennomgangen er ferdig (våren 2024).

## Kurs og opplæring

Det har vore gjennomført ei rekke kurs og opplæringar både for leiarar og tilsette i løpet av 2023.

- Forvaltningsrett
- Teams -både for nybegynnarar og vidarekomne
- Grunnleggjande kunnskap om løn og rekneskap
- Kurs i mediehandtering
- Konfliktdempande kommunikasjon
- HMS-kurs for leiarar og HMS-grunnkurs for verneombod
- Den nødvendige samtalen
- HR-kurs: dokumentasjon, omstilling og fortrinn og «personalsaker frå a-å»
- Stressmestring
- Handtere vald og trugslar
- Informasjonssikkerheit og personvern
- Opplæring i nytt saks-arkivsystem
- Opplæring i kvalitetssystemet
- Frukostmøte med ulike tema ein gang i månaden

## System for å klage på service

Alver kommune har etablert eit system for å kunne motta tilbakemelding knytt til negative erfaringer i møte med oss. Dette er ein del av vår internkontroll og system for kontinuerleg forbetring. Målet er at tilbakemeldingane frå brukarane (innbyggarar og samarbeidspartnarar) skal styrke brukardialogen og gje oss moglegheit til forbetring. Systemet er etablert i samarbeid med representantar for dei tillitsvalde. I løpet av 2023 har det kome inn 14 klager på service. Fem klagar gjeld vintervedlikehald av veg (brøyting mv) og dei andre fordelar seg på forskjellige tenester.

## Sjukefråver

Totalt sjukefråvær i Alver kommune i 2023 var på 10,3 %, ein auke med 0,3% frå 2022. Det er langtidsfråværet som aukar, medan korttid syner ein nedgang i forhold til 2022.




Gjennom året har det vore høgt sjukefråvær innanfor helse- og omsorgssektoren om lag på same nivå som i 2022.  Vi har ein nedgang i sjukefråveret innan oppvekstsektoren medan vi har ein auke innan sektor HR, utvikling og økonomi.  Det er og ein auke innan sektorane samfunnsutvikling og Teknisk forvaltning og drift.

På overordna nivå er det gjennomført opplæring, både med omsyn til å forebygge sjukefråvær og å følgje opp sjukefråvær, og sjukefråvær er regelmessig tema i Administrasjonsutvalet, leiargrupper og AMU alle nivå. Partssmarbeidet er særs viktig i arbeidet med å forebygge sjukefråvær, og det er gjennomført både HMS-grunnopplæring for leiarar og verneombod og eigne verneombodssamlingar.

# Oppfølging av vedtak og oppdrag

I budsjettvedtaket for 2023 vedtok kommunestyret 17 verbalpunkt i tillegg til sjølve vedtaket om økonomiske rammer for drift og investering. Nedanfor følgjer status per 31.12.2023 på desse vedtakspunkta.

## Status verbalpunkt

### Verbalvedtak

| Oppdrag | Beskriving | Status | Beskriving av status |
|---|---|---|---|
| Bruk av kommunale bygg | Kommunestyret ber kommunedirektøren snarast setje i gong arbeidet med relokalisering av kommunale tenester i kommunale bygg med mål om å redusera leigekostnader. Kommunestyret har gjentatte gongar bedt kommunedirektøren om å ta i bruk kommunehuset på Manger permanent. Kommunestyret ber om at dette vert følgt opp umiddelbart.Kommunestyret ber kommunedirektøren om å gå i dialog med AMFI Knarvik for å sei opp avtalen om innbyggjarservice i AMFI Knarvik. | Iht. plan | Relokalisering av kommunale tenester med sikte på reduserte leigekostnader pågår kontinuerleg. Prosjekt for å flytte tenester til kommunehuset på Manger pågår, kriterie for utvelging er drøfta i HTV-møtet 27.03 og orientert i Adm.utvalet 26.04. Etter dette ble det trong for meir areal til Brann og Teknisk, forvaltning og drift, som no er løst og i orden. Prosessen vil starte opp når rapporten fra organisasjonsprosjektet er lagt fram. Dialogen med AMFI er gjennomført. Kommunen må innfri dei økonomiske forpliktelsane i høve til avtalen, som gjeld ut 2030 med 10 års opsjon. |
| BUA | Kommunestyret ber kommunedirektøren om å greie ut moglegheitene for å utvide BUA-tilbodet. | Iht. plan | Notat av 13.5.2023 om verbalpunkt budsjettvedtak 2022 – BUA/utstyrssentralar Alver vart lagt inn som eige avsnitt under samfunnsutvikling i 1. tertialraapport 2023 |
| Budsjettoverskridingar - investeringar Vann/Avlaup | Det er ei utfordrande økonomisk tid for mange innbyggjarar, og kommunen må vera svært medviten kva utgifter kommunestyret pålegg innbyggjarane våre å betala. Kommunestyret kan aldri sikra seg 100% mot overskridingar av investeringsprosjekt, men i framtida må det innarbeidast som norm at inndekkinga av desse overskridingane i hovudsak må dekkjast innafor ramma til sektoren. Det vil seie at dersom eit VA-prosjekt får overskridingar, får det den konsekvensen at andre VA-prosjekt må nedskalerast og/eller skyvast på. Ved særlege tilfelle, då det ikkje vil vera forsvarleg å skyva på andre prosjekt, må det argumenterast særskilt for å gje ekstraløyving utover ramma i kvar einskild sak. | Iht. plan | Blir vurdert i alle VA-prosjekt |
| Dagsentertilbod yngre personar med demens | Ressursnivået som er brukt på tilbod for yngre personar med demens i Alver kommune i 2022, skal for 2023 | Ikke startet | |

| Oppdrag | Beskriving | Status | Beskriving av status |
|---|---|---|---|
| | oppretthaldast.Alver kommune skal ha eit tilbod for yngre personar med demens.  Tilbodet skal innarbeidast i den heilskaplege demensplanen som er planlagt. | | |
| Endring i politisk styringsstruktur frå og med neste kommunestyreperiode 2023-2027 | Kommunestyret skal ha 41 representantar og følgjande utvalsstruktur:FormannskapUtval for areal, plan og miljøUtval for levekår (helse- og omsorg, oppvekst, kunnskap og kultur)Utval for næring og driftAnsvarsområda til levekår skal bestå av ansvaret helse- og omsorg og OKK hadde kvar for seg, elles forblir ansvarsområdene uendra. Ein ber om sak for å få oppdatert politisk styringsstruktur i tråd med dette i første møterunde etter jul. I same sak vil også ny fordeling av antal representantar i kvart utval bestemmes. | Iht. plan | Dette blei avklart i sak 026/23 i kommunestyret. |
| Fokus på sjukefråvær til nærvær | Eit godt arbeidsmiljø gir engasjerte og friske medarbeidarar. Å skape eit godt arbeidsmiljø krevjer omfattande og systematisk arbeid over tid. Det handlar om å bli bevisst på kva arbeidskultur ein har og korleis ein skal jobbe med å forbetre den.Vi ber kommunedirektøren sjå på KS-prosjektet NED som er eit nærværsprosjekt brukt i fleire kommunar. Målet er meir nærvær på jobb og med fokus på arbeidsmiljø og engasjerte medarbeidarar.Alver kommune har eit høgt sjukefravær og det er viktig at det vert arbeidd kontinuerleg med å redusere dette. Kommunestyret ber om at det vert sett i gong eit forpliktande trepartssamarbeid som har som mål å redusere sjukefråværet i organisasjonen. | Iht. plan | Det pågår for tida fleire prosjekt for å redusere sjukefråværet lokalt på avdelingane, og partssamarbeidet i arbeidsmiljøgruppene er svært viktig for å lukkast over tid. Alver kommune deltar i KLP sitt arbeidsmiljønettverk, der formålet er å styrke arbeidsmiljøgruppene ute på avdelingane og tenesteområdene. Gjennom å identifisere og iverksette tiltak som bidrar til velfungerande arbeidsmiljøgrupper, er målet at desse vert “motorar" i arbeidet med sjukefråvær og arbeidsmiljø lokalt. Prosjektet pågår. |
| Friluftsområdet i Lonena | Det regulerte friluftsområdet i Lonena skal forhandlast ferdig i 2023 med formål innløysing. | Ikke startet | Vil bli følgt opp i 2. halvår 2023, kapasitetsutfordringar pga vakansar |
| Interkommunale avtalar | Kommunestyret ber om at det vert sett i gong ei gjennomgåing av interkommunale avtalar og samarbeid. Gjennomgåinga skal belysa kva oppgåver ein skal løysa i samarbeida. Den skal også visa korleis ein er organisert og kva personalressursar og personalkostnader Alver kommune pliktar i samarbeida. | Iht. plan | Administrasjonen planlegg å følgje dette opp i forlenginga av opplæring/introduksjon av nye poltikarar hausten 2023 og gjennom 2024. Det vil då kunne sjåast i samanheng med vurderinga knytt til kommunalt eide selskap, kommunal tenesteproduksjon i eigenregi og tenesteproduksjon gjennom samarbeid. Dette vil kunne være ei del av oppfølginga av vedteken eigarskapspolitikk og oppgåva bør også sjåast på i samband med bestillinga knytt til organisasjonsgjennomgang. |
| Organisasjonprosjekt Alver kommune | Det må snarast setjast i gong eit prosjekt i heile kommuneorganisasjonen der målet | Iht. plan | Organisasjonsprosjektet i regi av PwC pågår. Prosjektet er forankra i formannskapet, PwC har orientert |

| Oppdrag | Beskriving | Status | Beskriving av status |
|---|---|---|---|
| | er å finne ei berekraftig og framtidsretta drift av kommunen. Ei kontinuerleg forbetring der ein bl.a. tar metoden LEAN i bruk skal vurderast. Kommunestyret meiner ein som organisasjon må ha god kunnskap i kva kompetanse som er rett kompetanse for å løyse oppgåvene til ei kvar tid i tenesteområda.Kommunestyret viser til Fagforbundet si uttale til kommunestyret der dei peikar på at Alver kommune si organisering må evaluerast, og at ein går igjennom heile organisasjonen, alle sektorar, tenesteområde og avdelingar. Vi er samde med Fagforbundet, og organisasjonsprosjektet må ha god dialog og samhandling med tillitsvalde og vernetenesta gjennom bla administrasjonsutvalet.Det skal utarbeidast eit mandat for arbeidet og Formannskapet skal vere styringsgruppe for prosjektet. Dei politiske fagutvala skal haldast orientert og høyrast i prosessane. Organisasjonsprosjektet skal gjennomførast og leiast av ekstern kompetanse. | | leiarane i teamsmøte og deltatt med informasjon i møte med hovudtillitsvalte. Det pågår intervju og workshops iht. prosjektplan. |
| Prestmarka Barnehage | Kommunestyret ønskjer å samle barnehagen på Manger i ein lokasjon. Kommunestyret ber kommunedirektør komme tilbake med sak i første kvartal 2023. | Iht. plan | Inngår i arbeidet med mulighetsstudien Manger, som vert lagt fram i formannskapet sitt planlagte strategimøte i juni 2024. Deretter kjem sak om finansiering av ombyggingskostnadene ved samlokalisering. |
| Reduksjon i tenesteområde kultur | Det er i kommunedirektøren sitt framlegg ikkje lagt opp til reduksjon i ramma til tenesteområdet kultur i 2023. Når det gjeld økonomiplanen 2024-2026 vil kommunestyret arbeide vidare med planen med mål om minst mogleg reduksjon i tenesteområdet. | Ikke startet | Kommunestyret må vurdere dette i arbeidet med handlings- og økonomiplan 2024 - 2027 |
| Rekrutteringsplan | Kommunestyret ber om at det vert utarbeida ein rekrutteringsplan, som mellom anna inkluderer lærling-politikk. | Iht. plan | Prosjektgruppa starta arbeidet med rekrutteringsplan i august. Formålet med prosjektet er å legge til rette for at heile organisasjonen jobbar heilskapleg og systematisk med rekruttering, slik at kommunen sikrar tilstrekkeleg og rett kompetanse til å løyse oppgåver og behov i tida som kjem. |
| Sal av kommunale eigedommar | Det er kommunestyret som gjer vedtak om sal av kommunale eigedomar. Kommunestyret ber kommunedirektøren leggje fram sak med mål om å selje dei eigedomane som kan seljast. Kommunestyret viser ellers til sak 085/21 den 24.06.21 som framleis gjeldande. | Iht. plan | Sjå sak om strategi for sal av sentrale kommunale eigedomar, KO-sak 048/23 møte 30.03.2023 |
| Seniortiltak | Det skal utarbeidast ein plan for seniorpolitikk i Alver kommune. Det | Ferdig | Revisjon av arbeidsgjevardokumentet |

| Oppdrag | Beskriving | Status | Beskriving av status |
|---|---|---|---|
| | vil vere viktig å halde på kompetanse lengst mogleg. | | "livsfasepolitikk" er i ferdigstilt og vedtatt i Administrasjonsutvalet. Dokumentet fokuserer på ulike tiltak som kan bidra til at medarbeidarane meistrar arbeidet og opprettheld motivasjon gjennom dei ulike livsfasane, også seniorfasen. Livsfasepolitikk var meldingssak i kommunestyret 05.10.23. |
| Spesialpedagogisk team – barnehage | Kommunestyret ber kommunedirektør om ei eiga sak knytt til endringar i spes.ped.teamet for barnehagane. Det må synleggjerast korleis det spesialpedagogiske arbeidet skal organiserast både i den kommunale barnehagen og dei private barnehagane. Innsparingstiltaket på dette området med 900.000,- tas ut av budsjettet i påvente av eiga sak seinast juni 2023. | Forsinket | Tiltaket er inkludert i prosjektet Universell pedagogikk, der det er venta tilråding i høve til mogleg organisering i løpet av våren 2024. Ulike alternativ skal drøftast med organiasjonane i løpet av utgreiingsfasen. Saksutgreiing og tilråding blir meldt opp i politisk sak før endeleg konklusjon. |
| Tenesteyting barnehagar og barnehagestrukturplan | Det opplysast frå administrasjonen at det er pr. i dag er 600 ledige barnehageplassar i Alver. Dette har ført til at Folkepartiet har revurdert antal teljetidspunkt og ein ny barnehagestrukturplan. Vi ønsker at det vert innført tre teljetidspunkt pr. år. Dette vil ha innverknad på kommunen sin økonomi. Folkepartiet trur også at dette vil gjøre det enklere for foreldre og barnehager å ta inn nye barn inne i eit barnehage år. Dette ses som nødvendig ihht. kommunen sin økonomiske situasjon. | Iht. plan | Det er vedtatt å innføre tre teljetidspunkt for barnehagane i Alver, og retningsliner for oppfølging av dette blir lagt fram for politisk i november 2023. Arbeidet med barnehage- og skulebruksplan er starta opp, og endeleg framdrift blir avklart etter politisk handsaming av planprogram. |
| Tilsetjingskontroll | Kommunestyret ber kommunedirektøren om å innføre tilsetjingskontroll. Formannskapet skal haldast laupande orientert. | Iht. plan | Det er ikkje gjort nye tilsettingar i hittil i år som ikkje er politisk vedteken eller forankra i formannskapet. Saka vert i tillegg følgd opp i alle komunedirektøren sine leiarmøter. |

# Finansrapport

## Grunnlaget for rapportering av finans- og gjeldsforvaltninga til kommunen

Grunnlaget for kommunen sin finansforvaltning har heimel i kommunelova med forskrifter og Kommunaldepartementet sin vegleiar til forskrifta publisert 20. mai 2020.

Kommunelova § 14-1 tredje ledd seier at:

*«Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktelser kan innfris ved forfall.»*

I § 14-13 står det så lista opp lovkrava knytt til kommunen sin finans- og gjeldforvaltning. Desse er:

- *Finansreglementet skal inneholde bestemmelser som hindrer kommunen i å ta vesentlig finansiell risiko og som sikrer at løpende betalingsforpliktelser kan infris ved forfall.*
- *Dersom det avdekkes avvik frå finansreglementet, skal det iverksettes nødvendige tiltak.*
- *Kommunedirektøren skal minst to ganger i året rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om forvaltningen av finansielle midler og gjeld, i tillegg til rapport ved utgangen av året som viser status og utviklingen gjennom året.*
- *For kommunen inngår avtaler, skal den dokumentere overfor avtaleparten at avtalen ikke innebærer vesentlig finansiell risiko i strid med § 14-1 tredje ledd.*

Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner av 18.11.2019 gjeldende frå 01.01.2020 inneheld:

- *§ 6. Krav til innholdet i finansreglementet*
- *§ 7. Krav om kvalitetssikring av finansreglementet og rutinene for finans- og gjeldsforvaltningen*
- *§ 8. Krav til innholdet i kommunedirektørens rapporter til kommunestyret og fylkestinget*

### Krav til innhaldet i kommunedirektørens rapporter til kommunestyret

Rapportane om finans- og gjeldsforvaltninga til kommunestyret skal innehalde ei beskriving og vurdering av kommunen sin finansielle risiko og avkastning, holdt saman med måla og krava i finansreglementet. Rapportane skal også innehalde ein beskriving og vurdering av eventuelle vesentlege endringar i marknaden og i kommunens finansielle risiko. Rapportane skal også opplyse om eventuelle avvik mellom krava i finansreglementet og den faktiske forvaltninga, og korleis avvika er handtert.

Rapportane skal:

1. vise korleis dei finansielle midlane er sett saman og marknadsverdien av dei, både samla og for kvar gruppe av midlar.
2. vise korleis dei finansielle forpliktingane er sett saman og verdien av dei, både samla og for kvar gruppe av forpliktingar.
3. opplyse om dei finansielle forpliktingane si løpetid, og om verdien av lån som forfell og må refinansierast innan 12 månader.
4. opplyse om aktuelle marknadsrenter og kommunens eigne rentevilkår.
5. opplyse om forhold som kommunestyret har stilt krav om at det skal opplysast om.

Basert på føresegnene i den nye kommunelova og den nye forskrifta gjeldande frå 1. januar 2020 har Kommunal- og moderniseringsdepartementet i mai 2020 publisert ein vegleiar til finansforskrifta.

Vegleiaren definerer finansielle midlar slik at desse ikkje omfamnar investeringar i selskap der kommunens eigarskap har eit breiare samfunnsmessig formål eller kor kommunen har skilt ut verksemd i eigne selskap. Det vil seie at det ikkje er krav om at finansreglementet skal innehalde regler for slike engasjement og forvaltninga av eigarskapet til slike aksjar og andeler. Det er såleis heller ikkje grunnlag for at finansrapporten skal kommentere denne type investeringar.

Alver kommune oppdaterte sitt finansreglementet er oppdatert med krav etter nye forskrifter, og vedteke i kommunestyret 29. oktober 2020.

## Vurdering av finansiell risiko og avkastning av likvide midlar

Alver kommune sin finansielle risiko vert vurdert som lav både når det gjelder forvaltning av midlar og forvaltning av gjeld.  Kommunen har god likviditet, og har per 31.12.2023 609 mill. kr som finansielle midlar plassert innanfor det som skal rapporterast som del av finansforvaltninga. Av dette er 413 mill. kr eller 68 % bankinnskot, 68 mill. kr er kortsiktig plassering i fond, og 128 mill. kr er langsiktig plassering av midlar berekna for driftsføremål.

| Midlar regulert i finansreglementet (1000 kr) | Rekneskap 31.12.2022 | Rekneskap 31.12.2023 | Endring i 2023 | Andel av total 31.12.2023 |
|---|---|---|---|---|
| Kasse og bankinnskot | 601 269 | 412 660 | - 188 609 | 68 % |
| Verdipapirfond | 64 882 | 68 009 | 3 127 | 11 % |
| **Sum kortsiktig plassering** | 666 151 | 480 669 | **- 185 482** | **79 %** |
| Midlar til driftsformål plassert langsiktig | 117 109 | 128 055 | 10 946 | 21 % |
| **Sum midlar  berekna for driftsføremål** | **783 260** | **608 724** | **- 174 536** | **100 %** |

### Kortsiktig forvaltning

### Fordeling på dei ulike plasseringsalternativ/typar

I samsvar med finansreglementet av 29. oktober 2020 kap. 6 har Alver følgjande plasseringsalternativ knytt til forvaltning av ledig likviditet knytt til driftsformål:

- Innskot i bank
- Andelar i pengemarknadsfond

I løpet av året 2023 og per 31.12.2023 har Alver kommune midlar plassert i bank og har andelar i pengemarknadsfond.

## Bankinnskot

Tabellen viser korleis ledig likviditet og andre midlar har vore plassert i bank. Kassebehaldninga og bankinnskota har utvikla seg slik i løpet av 2023:

| Kasse, bankinnskot (tal i 1000 kr) | Rekneskap 31.12.2022 | Rekneskap 31.12.2023 | Endring i 2023 |
|---|---|---|---|
| Kasse | 88 | 136 | 48 |
| Bankinnskot | 601 181 | 412 524 | - 188 657 |
| **Sum** | **601 269** | **412 660** | **- 188 609** |

## Andre plasseringar

| Plassering av ledig likviditet berekna til driftsformål (tal i 1000 kr) | Rekneskap 31.12.2022 | Rekneskap 31.12.2023 | Endring i 2023 |
|---|---|---|---|
| Aksjar og andelar | | | |
| Sertifikat | | | |
| Verdipapir | 64 882 | 68 009 | 3 127 |
| **Sum** | **64 882** | **68 009** | **3 127** |

Midlane er plassert i pengemarknadsfondet Pluss Kort likviditet II.

## Eigne rentevilkår samanlikna med marknadsrenter

### Bankinnskot

Samla er det i 2023 bokført 29 mill. kr i renteinntekter frå bankinnskot. Alver kommune sin gjennomsnittlege rentesats på innskot i 2023 har vore 4,79 %, mot 2,90% i 2022. Kommunen sin bankavtale seier at rentesatsen på kommunen sine bankinnskot skal vere 3 mnd. NIBOR rente pluss eit avtalt påslag.

Gjennomsnittleg NIBOR i 2023 har vore 4,16%, opp frå 2,07% i 2022. Ved årets utgang 31.12.2023 er 3 mnd NIBOR på 4,73%, opp frå 3,26% per 31.12.2022.

### Pengemarknadsfond

Alver kommune har per 31.12.2023 plassert 68 mill. kr i pengemarknadsfondet Pluss Kort Likviditet II.

Informasjon om fondet:

*«PLUSS Kort Likviditet II er klassifisert som et likviditetsfond med lav risiko og investerer kun i sertifikater og obligasjoner med kort løpetid, hovedsakelig utstedt av norske sparebanker. Fondet har lav kredittrisiko og risikovekt 20%. Porteføljens rentefølsomhet skal ikke overstige 0,5 år og vektet gjennomsnittlig løpetid kan maksimalt være 1 år. Fondet har veldiversifiserte porteføljer og benytter også bankinnskudd som en viktig brikke i forvaltningen. PLUSS Kort Likviditet II er et UCITS-fond, og kan*

*kun investere i Investment Grade papirer i tråd med Verdipapirfondenes Forenings bransjestandard for informasjon og klassifisering av rentefond.»*

Avkastning på fondet var i 2023 kr 3,1 mill. som inneber ei gjennomsnittleg avkastning i 2023 på midlane på 4,71%, etter at det er korrigert for forvaltningshonorar. Dette er litt lågare rente enn kommunen har på bankinnskota i løpet av 2023, og skuldast effekten renteendringa har på obligasjonar når rentene aukar, slik den har gjort i løpet av 2023.

Historisk avkastning på Pluss likviditet II:




## Avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet

Det er ikkje avvik mellom Alver kommune sitt finansreglement og faktisk forvaltning i 2023.

## Langsiktig forvaltning

Kommunen har langsiktig forvaltning av midlar berekna for driftsformål.

## Plassering i DnB Asset Management.

I oktober 2018 plasserte Alver kommune 100 mill. kr i finansmarknaden i samsvar med vedtak i kommunestyret. DNB Asset Management ble vald leverandør, og midlane ble plassert oktober 2018. Det ble vald en plassering med lav/ moderat risikoprofil, i samsvar med finansreglementet for den gang Lindås kommune. Plasseringa er i samsvar med finansreglementet for Alver kommune.

| Aktiva | Minimum | Normal | Maksimum |
|---|---|---|---|
| Eigenkapitalbevis i norske sparebankar og aksjar | 0% | 25% | 35% |
| Obligasjonar | 0% | 0% | 70% |
| Sertifikat | 0% | 0% | 70% |
| Rentefond | 0% | 75% | 100% |
| Bankinnskot | 0% | 0% | 100% |

Oversyn over plasserte midlar og endring i marknadsverdi:

| Utvikling i marknadsverdi og avkastning | Verdi |
|---|---|
| Innbetalt kapital | 100 000 |
| Verdi per 31.12.2022 | 117 109 |
| Verdi per 31.12.2023 | 128 055 |
| **Endring 2023** | **10 946** |

Oversikt over faktisk forvalta kapital og avkastninga:

| Portefølje (tal i 1000 kr) | Marknadsverdi per 31.12.22 | Marknadsverdi per 31.12.23 | Vekt per 31.12.23 | Avkastning 2023 | Prosent avkastning |
|---|---|---|---|---|---|
| Bankkonto for belastning av honorar | 351 | 376 | 0,29 % | 13 | 3,61 % |
| Renteberande papir | 90 814 | 98 264 | 76,74 % | 4 784 | 5,12 % |
| Aksjar | 25 944 | 29 415 | 22,97 % | 6 149 | 24,09 % |
| **Totalt Forvalta Kapital** | **117 109** | **117 109** | **100,00 %** | **10 946** | **9,34 %** |

Når det gjeld renteberande papir i oversynet over, vil grensene for rentefond i finansreglementet gjelde, då midlane er plassert i fonda DNB Obligasjon E og DNB Likviditet D. Begge desse er fond og det er derfor ikkje ein direkteinvestering i enkeltobligasjon. Alver kommune har ingen direkte investeringar i enkeltobligasjonar gjennom DNB Asset Management.

### Avkastninga opp mot referanseindeks er vist nedanfor for dei siste 12 mnd:







**Avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet**

Det er ikkje avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet.

## Forvaltning av gjeldsportefølje

### Opptak av nye lån i 2023

Det er i 2023 teke opp lån på 150 mill. kr til vidare utlån (formidlingslån/ startlån) gjennom Husbanken, og det er teke opp lån til kommunale investeringar (inkl. Vatn-og avløp) på kr 154 mill. I tillegg er det gjort refinansieringar av diverse lån. Det er i løpet av året betalt avdrag med til saman 133,4 mill. kr. Av dette er 105,0 mill. kr avdrag på lån til generelle investeringar og VA, og 28,4 mill. kr. er avdrag på formidlingslån.

I tillegg til opptak av nye lån er det totalt teke opp nye lån i året på kr 2.044 mill. kr til refinansiering av eksisterande lån. Dette inkluderer kortsiktige sertifikatlån på 3, 6 eller 9 månader som det kan vere trong for å refinansiere fleire gangar i året.

## Samansetjing og verdi av låneporteføljen

Summen av alle låna hos dei einskilde bankane, fordelt på formidlingslån/startlån og andre lån:

| Fordeling av langsiktig gjeld per kreditor: (tal i 1000 kr) | gjeld per 31.12.2022 | gjeld per 31.12.2023 | Endring i 2023 |
|---|---|---|---|
| **Lån i bank:** | | | |
| Husbanken | 641 925 | 762 390 | 120 465 |
| KLP kommunekreditt | 70 910 | 67 860 | - 3 050 |
| Kommunalbanken | 1 212 912 | 1 366 094 | 153 182 |
| | | | |
| Anna gjeld til kredittinstitusjonar | 234 | 234 | 0 |
| **Verdipapirlån:** | | | |
| Danske Bank | 349 000 | 349 000 | - 349 000 |
| DnB Markets | 0 | 749 000 | 749 000 |
| Sparebank1 Markets | 0 | 80 000 | 80 000 |
| Swedbank | 255 264 | 255 264 | 0 |
| SEB Markets | 1 095 500 | 515 500 | - 580 000 |
| **Kommunens samla lånegjeld** | **3 625 745** | **3 796 342** | 170 597 |
| **Endring - opptak av nye lån:** | **240 550** | **304 000** | |
| **Endring - betalte avdrag i år:** | 119 054 | 133 403 | |

Alver kommune sin låneportefølje har ein vekta gjennomsnittsrente på 4,06% per 31.12.2023. Dette er ein auke frå tilsvarande tal på 2,96% per 31.12.2022. Gjennomsnittleg rentebindingstid på gjeldsporteføljen er 0,73 år per 31.12.2023. Tilsvarande tal per per 31.12.2022 var 0,60 år. Låneporteføljen har ein gjennomsnittleg kapitalbindingstid på 5,29 år. Sjå vedlagte gjeldsrapport per 31.12.2023 utarbeidd av kommunen sin rådgjevar innan gjeldsforvaltning, Bergen Capital Management (BCM) for meir detaljert informasjon om kommunen sin gjeldsportefølje.

## Eigne rentevilkår samanlikna med marknadsvilkår

I Kommunalbanken var den flytande PT-renta per 31.12.2023 på 5,50%. Kommunen sin gjennomsnittsrente er såleis 1,44% lågare enn dette.

## Faktisk forvaltning i forhold til rammene i finansreglementet

Det er ikkje avvik mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet.

# Vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko

## Plasseringar av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsformål

Ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål er som nemnt ovanfor utelukkande plasserte i norske bankar, eller i pengemarknadsfond som kun plasserer i stats- og statsgaranterte papir, papir utstedt eller garantert av kommunar og fylkeskommunar, samt banker og kredittforetak. Fonda plasserer ikkje i industrilån eller ansvarlege lån. Gjelda til Alver kommune er utelukkande tatt opp i norske banker, Husbanken og Kommunalbanken, samt noterte obligasjonslån og sertifikatlån.

Ser ein desse to gruppene i samanheng er derfor renterisikoen låg. Aukar p.t. renta for gjelda, vil vi også få høgare renteinntekt for dei plasserte midlane som dekker opp for noko av renteauken.

Alver kommune er utsett for låg finansiell risiko når det gjeld midlar berekna til driftsføremål. I 2017 var det ein endring i samansetninga då Lindås kommune per august 2017 plasserte 60 000 000 kr i pengemarknadsfondet Pluss Likviditet II. Fondet har låg risiko. Det har ikkje vore endringar i plasserte beløp i 2023.

PLUSS Likviditet II er et alternativ til bankinnskot og anna plassering av overskotslikviditet for andelseigarar som plasserer store beløp i pengemarknaden. Fondets stabile avkastning gjer det spesielt anvendeleg for plassering av kortsiktig likviditet. Fondet har 50 mill. kr som minimumsinnskot. Fondet har en lav risikoprofil, og stiller meget strenge krav til soliditeten i dei aktuelle plasseringsobjekt, og tilfredsstiller Finanstilsynets regler om 20 prosents kapitalvekting for pensjonskasser. Fondet plasserer dermed kun i stats- og statsgaranterte papir, papir utstedt eller garantert av kommunar og fylkeskommunar, samt banker og kredittforetak. Fonda plasserer ikkje i industrilån eller ansvarlege lån.

Pengemarknadsfondet plasserer pt. kun i verdipapir utstedt av bank og bankinnskot. Porteføljens rentefølsemd skal ikkje overstige 0,5 år. Endringar i rentenivået har derfor liten effekt på kursutviklinga. Avkastninga i fondet vil kunne variere noko frå dag til dag, men vil over tid følje svingingane i pengemarknadsrenta. Det er ingen gebyr ved teikning eller innløysing av andelar. Andelseigarar kan dermed flytte sine midlar raskt og kostnadsfritt mellom de renteberande fonda. Det går normalt to virkedagar for å realisere pengane i fondet.

## Risikovurderingar langsiktig finansforvaltning

Jmfr. finansreglementet til Alver kommune skal finansrapporten vise risikoen i forvaltninga av langsiktige finansielle aktiva. Kommunen sin strategi ved forvaltinga av langsiktig plasserte midlar er:

2023




## Risikovurderingar gjeldsforvaltning

Tabellen under viser at kommunen sin gjeldforvaltning er i trå med alle vilkår i kommunen sitt finansreglement.

| Krav i gjeldende reglement | Status |
|---|---|
| Det kan berre takast opp lån i norske kroner. | OK |
| Låneopptaka skal vurderast opp mot likviditetsbehov, vedteke investeringsbudsjett, forventningar om framtidig renteutvikling og generelle marknadsforhold. | OK |
| Låneopptak skal søkast gjennomført til marknadens gunstigaste vilkår. Det skal normalt innhentast minst to konkurrerande tilbod frå aktuelle långivarar. Prinsippet kan fråvikast ved låneopptak i statsbank (t.d. startlån i Husbanken). | OK |
| Gjennomsnittlig kapitalbinding skal til ei kvar tid være over 4 år. | OK |
| Gjennomsnittleg attverande rentebinding (vekta rentebindingstid) på samla renteberande gjeld skal til ei kvar tid vere mellom 0,5 og 3 år. | OK |
| Låneporteføljen skal bestå av færrast mogeleg lån, likevel slik at refinansieringsrisikoen ved ordinære låneforfall blir avgrensa. | OK |
| Eit einskild lån skal ikkje utgjere meir enn 20 % av kommunen si samla låneportefølje. | OK |

## Vedlegg - gjeldsrapport frå kommunen sin rådgjevar innan gjeldsforvaltning

Vedlagte link viser gjeldsrapport per 31.12.2023 utarbeidd av kommunen sin rådgjevar innan gjeldsforvaltning, Bergen Capital Management.

https://www.alver.kommune.no/contentassets/eb2cbe0cf5a24cc68d1b850c6c33eb03/alver-kommune---gjeldsrapport-pr-31.12.2023-fra-bcm.pdf

# Kommunens sektorar

## Politisk styring

### Beskriving av tenesteområde

I tillegg til politisk styring inneheld og sektoren driftstilskot til Kyrkjeleg fellesråd.

### Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Tenesteområde | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum | 47 001 | 48 313 | 44 217 | -4 097 | -9,3 % |

### Kommentar til status økonomi

Politisk styring har eit samla meirforbruk på 4,1 mill. kr i 2023.

Av det totale meirforbruket er 1,7 mill. kr knytt til valet i 2023. I tillegg er det meirutgifter knytt til møtegodtgjersler og fri-kjøp i samband med politiske møter.

## Administrativ styring, økonomi og HR

### Beskriving av tenesteområde

Sektor administrativ styring, økonomi og HR består av kommunedirektør, assisterande kommunedirektør, kommunalsjefer, Kommuneoverlege, Kommuneadvokat, Økonomi og HR og utvikling.

### Toppleiargruppa

Toppeleiargruppa består av kommunedirektør, assisterande kommunedirektør, leiar for kommuneadvokatkontoret og kommunalsjefar for HR og utvikling, Økonomi, Helse og omsorg, Oppvekst, Samfunnsutvikling og Teknisk forvaltning og drift.

### Kommuneoverlege

Kommuneoverlege består av kommuneoverlegen og miljøretta helsevern (interkommunalt samarbeid).

## Kommuneadvokat

Kommuneadvokaten består av tre tilsette inkludert leiar av kommuneadvokatkontoret. Eit av årsverka jobber utelukkande for barnevern. Eigedomsskattekontoret er organisert under kommuneadvokat.

## HR og utvikling

Sektor HR og utvikling består av tre avdelingar: Innbyggjarservice og kommunikasjon, Dokumentsenter, HR-avdelinga, samt rådgjevarstab.

Innbyggjarservice og kommunikasjon løyser oppgåver knytt til service og intern og ekstern kommunikasjon. Innbyggjarservice har mellom anna hovudansvar for telefonsentral og publikumsmottak. Kommunikasjon har hovudansvaret for innbyggjarportalen, intranett, sosiale medier og er rådgjevarar for organisasjonen, mellom anna på mediehandtering, grafisk design, film og foto og arbeidsprosessar. Avdelinga har redusert talet på tilsette med 2 årsverk i 2022 og 1,8 årsverk i 2023. Dei 8,3 årsverka er fordelt slik: 4,8 årsverk på Innbyggjarservice, 2 årsverk som jobbar berre med kommunikasjon, 0,5 årsverk er sjåfør for internpost, samt leiar.

Dokumentsenteret er felles sentralt postmottak og arkiv for alle tenesteområda med unntak av NAV, kommunepsykolog, legekontor og helsestasjon. Dokumentsenteret jobbar fortløpande med mottak, fordeling, kontroll og bevaring av arkivverdig dokumentasjon, både det som kjem inn i papir og det som kjem inn digitalt. Avdelinga har også ansvar for opplæring og støtte i sak/arkivsystem, publisering av postlister og behandling av innsynsforespørsler. Avdelinga har redusert frå 15,3 årsverk i 2022 til 12,7 årsverk i 2023.

HR-avdelinga har 9,6 årsverk i 2024, samt ei toårig prosjektleiarstilling (100 %) for heiltidsprosjektet i Alver. Avdelinga har ansvar for ulik type leiarstøtte på personalområdet, rekruttering, personaladministrasjon, organisasjons- og leiarutvikling og gjennomføring av lønnsforhandlingar.

Stab HR og utvikling har 3 årsverk, og har m.a. ansvar for å vedlikehalde og utvikle overordna system for HMS, kvalitet, internkontroll og IKT-relaterte oppgåver.

## Økonomi

Økonomi består av avdeling controlling og avdeling løn og rekneskap.

Det er tre tilsette på avdeling for controlling. To årsverk er knytt til oppfølging, leiarrstøtte og kontroll av sektorane, og eit årverk er knytt til oppfølging og leiarstøtte investeringsprosjekt, fagleiar finans (låneopptak, gjeldsforvaltning og rapportering) og overordna koordinering av forsikring.

På lønn og rekneskapsavdelinga er det i hovudsak fire områder: rekneskap, kommunal inkasso, lønn og sjukelønnsrefusjon. Det er til saman 14,2 årsverk på avdelinga.

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Tenesteområde | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| 200-Toppleiargruppa | 18 533 | 25 003 | 15 902 | -9 101 | -57,2 % |
| 201-Kommunehelse | 3 786 | 3 164 | 2 827 | -337 | -11,9 % |
| 210-HR og utvikling | 72 045 | 75 902 | 75 538 | -364 | -0,5 % |
| 220-Økonomi | 15 739 | 13 326 | 15 330 | 2 003 | 13,1 % |
| **Sum** | **110 103** | **117 396** | **109 597** | **-7 799** | **-7,1 %** |

## Kommentar til status økonomi

Sektor for administrativ styring, økonomi og HR har totalt eit meirforbruk på 7,8 mill. kr i 2023 samanlikna med revidert budsjett. Dette skyldast mellom anna:

- Juridisk har i 2023 meirutgifter på 1,9 mill. kr. Dette skuldast meirutgifter til taksering av næringseigedommar i samband med innføring av eigedomsskatt på næring frå 2024 og saksomkostningar i samband med rettssaker.
- På avdeling for toppleiargruppa er det i 2024 utgiftsført etterlønn til tidlegare kommunedirektør. Denne var budsjettert i 2024, men må på grunn av rekneskapsreglar utgiftsførast i 2023, og betyr ein meirutgift på 3,8 mill. kr i 2023.

## Internkontroll og HMS i sektoren

HR og utvikling har gjort følgjande innan HMS og på internkontroll-området i 2023:

- Systematisk arbeid med å kartlegge og risikovurdere faktorar som kan påverke arbeidsmiljø negativt, såkalla HMS-ROS.
- Ergonomisk tilpassing av kontorarbeidsplassar.
- Opplæring i avvikssystem og kultur for å melde avvik.
- Fokus på vald og trugslar, td. hos Innbyggjarservice
- ROS-analyse av personalsaker
- Oppdatering av rutine ifm implementering av nytt sak- og arkivsystem
- Kontinuerlig arbeid med rutinar og retningslinjer i avdelingane

# Prosjekt

## Beskriving av tenesteområde

Sektor prosjekt består kun av innkjøpsavdelinga med ein tilsett.

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Tenesteområde | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum | 1 121 | 1 202 | 1 524 | 322 | 21,1 % |

## Kommentar til status økonomi

Innkjøp har innsparing i forhold til budsjett i 2023 som følgje av at det er overført/fordelt nokre utgifter til investeringsrekneskapen.

# Samfunnsutvikling

## Beskriving av tenesteområde

Sektor samfunnsutvikling har hovudansvaret for strategisk samfunns- og næringsutvikling i Alver kommune. Dette skjer gjennom overordna planlegging og gjennomføring av prioriterte utviklingsprosjekt. Arbeidet blir prioritert gjennom planstrategi, kommuneplan og andre strategiske planar, og som igjen dannar grunnlag for prioriteringar i økonomiplanar og verksemdsplanar.

## Ansvar og hovudoppgåver

**Stab samfunnsutvikling:**

Stab samfunnsutvikling består av tre fagområde:

- **Næringsteamet:** Jobbar med strategisk utvikling og tilrettelegging for næringslivet.
- **Samfunnstryggleik og beredskap:** Jobbar med beredskapsplanlegging i heile organisasjonen, og har ansvaret for å utvikle planar og system som sikrar at kommunen er førebudd og kan handtere kriser og ulike hendingar.
- **Politisk sekretariat:** Legg til rette for den politiske aktiviteten i kommunen med til dømes møteinnkalling, utsending av politiske saker, dokumentasjon og administrative prosessar i samband med politisk aktivitet.

**Plan og analyse:**

- Tenesteområdet plan og analyse har ansvaret for kommunen si overordna planlegging, prioritert gjennom vedtatt planstrategi.
- Tenesteområdet har ansvaret for å gjennomføre og leie prosessar med kommuneplan, kommunedelplanar, områdeplanar og temaplanar. Dette gjeld for alle planar innan samfunn, areal og fag (Døme: kommunedelplan for kultur). Fagområdet jobbar også med utgreiingar og moglegheitsstudiar som er grunnlag for planprosessar og avgjerder.
- Tenesteområdet leverer også statistikk og strategiske analyser til heile organisasjonen, som sikrar at kommunen har oppdaterte tal og analyser som grunnlag for ulike prosessar.

**Kultur:**

- Tenesteområdet består av fire avdelingar, samt tre fagavdelingar;
  - Alver kulturskule
  - Alver bibliotek
  - Ung Alver
  - Kulturutvikling, idrett og frivilligheit
    - Fagavdeling Alver frivilligsentralar
    - Fagavdeling idrett
    - Fagavdeling kulturutvikling
- Alver kulturskule gir undervisning til nærare 800 elevar rundt i heile kommunen, i tillegg til direksjons- og instruksjonstenester til ti skulekorps. Kulturskulen har si hovudvekt på Manger, Frekhaug og i Knarvik, i tillegg til desentralisert undervisning på skular i kommunen. Kulturskulen gir individuell og gruppeundervisning innan ei rekke disiplinar, og har fokus på læring, formidling, meistring, framføring og utvikling av nye tilbod.
- Alver bibliotek består av fire bibliotekavdelingar og ein bokbuss, på Manger, Frekhaug, Lindås og i Knarvik. Biblioteka huser eit stort utval bøker, medier og tilbod, og har fokus på formidling, arrangement, samtalar, barn og ungdom. Bokbusstenesta er folkebiblioteka sitt tilbod til skular og barnehagar.
- Ung Alver drifta i 2023 ungdomsklubbar på Manger, Frekhaug, Lindås, Ostereidet og Alversund. Avdelinga driftar aktivitetstilbod i ferie, open hall, UKM, ulike arrangement og konsertar, og jobbar heilskapleg for barne- og ungdomsmiljøa i ungdomsskulekrinsane, i samarbeid med frivillige og offentlege aktørar. Ung Alver har ansvar for MOT, sekretærfunksjon for ungdomsrådet og barn og unges representant.
- Kulturutvikling, idrett og frivilligheit består av tre fagavdelingar. Alver frivilligsentralar driftar frivilligsentralane på Manger, Frekhaug og i Knarvik, BUA Manger og BUA Frekhaug, samt integreringsprosjekta i samarbeid med NAV. Fagavdeling idrett jobbar med idretts- og anleggsutvikling, tildeling av tid i kommunale bygg og anlegg, tilsyn i hallar og badetilbod. Fagavdeling kulturutvikling driftar og er prosjektutviklar for kulturbygg, friluftsliv, kulturvern, musikk, scene og kunst, den kulturelle skulesekk og spaserstokken.

**Brann og redning (Nordhordland brann og redning):**

- Tenesteområdet brann og redning er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane i Nordhordland. Samarbeidet blir kalla Nordhordland brann og redning (NHBR)
- Tenesteområdet består at tre avdelingar:
  - Operativ avdeling
  - Førebyggjande avdeling
  - Feiing og bustadtilsyn

- Operativ avdeling har ansvar for akutt beredskap ved brann og ulykker. Hovudstasjonen ligg i Alversund, i tillegg er det 6 andre stasjonar som ligg på Manger, Mastrevik, Kaland, Lindås, Mo i Modalen og Øvre Helland.
- Førebyggjande avdeling er eit interkommunalt samarbeid med 6 andre kommunar (NGIB). Hovudoppgåvene er førebyggjande arbeid innan brann og trafikktryggleik, tilsyn og forvaltning etter §13 i brannlova.
- Avdeling feiing og bustadtilsyn driv med feiing og bustadtilsyn på bustader og fritidsbustader i tillegg til informasjon og haldningsskapande arbeid. Ansvarsområde er kommunane Alver, Austrheim og Modalen.

## Utfordringar og utvikling

- Arbeidet med Brann ROS er ferdig og funna blei presentert som orientering i Formannskapa i samarbeidskommunane haust 2023. Det vidare arbeidet med beredskapsanalyse og førebyggjande analyse er i gang og planlagt ferdig vår 2024. I forbindelse med ROS arbeidet er det etablert ein eigen kartmodul som gir eit visuelt og faktabasert grunnlag for det vidare arbeidet. Modulen kan også nyttast av andre tenesteområde.
- Det blei haust 2023 vedtatt rehabilitering av gammal brannstasjon på Manger. Dette grunna avvik frå Arbeidstilsynet.
- Brannbåten knytt til Mastrevik stasjon sokk ved kai og måtte erstattast. Det blei bevilga midlar til ny båt haust 2023. Forventa levering februar 2024.
- Etter store forsinkelsar blei ein av tre nye bilar levert i desember 2023. Den nye tankbilen, som er stasjonerast på stasjonen i Knarvik, er ein stor oppgradering. Gammal tankbil er flytta til Kaland depo.
- NGIB har stort fokus på branntryggleik for risikoutsette grupper. Det er etablert eit samarbeid på tvers av tenester og avdelingar og dette samarbeidet har gitt eit positivt resultat med tanke på brannsikkerheit for disse gruppene.

## Viktige hendingar og resultat i året

For sektor samfunnsutvikling har det i 2023 vore viktig å prioritere plan- og strategiarbeid som dannar grunnlaget for utvikling av samfunnet og organisasjonen.
Sektoren har prioritert følgjande:

- **Planarbeid og medverknad** – Vi har arbeida med å følgje opp gjeldande planstrategi, der kommuneplanen sin arealdel er særs viktig, og vi har arbeida med å legge til rette for god innbyggjarmedverknad i planarbeidet.

- **Tettstad- og områdeutvikling** – Vi arbeider kontinuerleg med å utvikle alle sentra gjennom planlegging og aktuelle utviklingsprosjekt, mellom anna å kunne bruke byvekstavtalen til å finansiere aktuelle prosjekt innan infrastruktur, kollektiv, innfartsparkering og teknologi.

- **Næringsutvikling** – Fokus er på å stryke samspelet med næringslivet i kommunen, og vi har arbeidd for å tydeleggjere kommunen si rolle i utviklingsarbeidet. Strategisk næringsplan blei vedtatt i 2023, og vi har arbeidd med oppfølging av denne vidare.

- **Kultur –** *Kultur som drivkraft,* kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv vart vedteke i 2023, og arbeidet med denne har prega året 2023. I tillegg har vi starta arbeidet med kunststrategi, og rullering av plan for den kulturelle skulesekken og den kulturelle spaserstokken.

- **Samfunnstryggleik og beredskap –** Vi arbeider systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleik og beredskap.

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Tenesteområde | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| 400-Samfunnsutvkling stab | 9 045 | 9 803 | 9 489 | -314 | -3,3 % |
| 410-Plan og analyse | 8 977 | 7 906 | 8 181 | 275 | 3,4 % |
| 420-Kultur | 41 398 | 45 248 | 44 862 | -386 | -0,9 % |
| 440-Brann og redning | 28 643 | 30 152 | 31 729 | 1 577 | 5,0 % |
| **Sum** | **88 062** | **93 109** | **94 261** | **1 152** | **1,2 %** |

## Kommentar til status økonomi

Sektor Samfunnsutvikling har i 2023 netto utgifter på til saman 93,1 mill. kr. Det er 1,15 mill. mindre enn revidert budsjett.

På staben (som inkluderer politisk sekretæriat) er det eit meirforbruk på 0,3 mill. kr. Dette skuldast at planlagt nedbemanning med eit årsverk skjedde seinare i året enn rekna med i budsjettet. Plan og analyse har eit mindreforbruk tilsvarande på 0,3 mill. kr. Her er det vakante stillingar som gjer at vi får ei innsparing. Kulturområdet har eit meirforbruk på 0,4 mill. kr. Dette skuldast at budsjetterte refusjonsinntekter vart budsjettert for høge.

Brann og redning har eit mindreforbruk på 1,6 mill. kr. Vi har betre resultat på feiing enn budsjettert, og i det operative brannsamarbeidet er refusjonane frå dei andre kommunane høgare enn rekna med i budsjettet.

## Internkontroll og HMS i sektoren

- Arbeidet med Brann-ROS blei avslutta, den inneheld ei kartlegging av over 850 risikoobjekt i heile kommunen som påverkar brann- og redningstenesta. Etter kartlegginga blei arbeidet med beredskapsanalyse og førebyggjandeanalyse starta. Arbeidet med analysen og handlingsplan skal vere ferdig sommar 2024.
- I samarbeid med teknisk forvaltning og drift er det starta eit arbeid med å etablere eit fagsystem for forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) for brann og redning. Dette systemet er viktig for å sikre trygg og effektiv drift av fagområdet. Arbeidet med å anskaffe fagsystem til brann og redning er kraftig forsinka. Behovet for fagsystem er stort og arbeidet må prioriterast i 2024.

# Helse og omsorg

## Beskriving av tenesteområde

Sektor helse og omsorg omfattar kommunale helse-, sosial- og omsorgstenester og gir i størst grad tenester til personar over 18 år. Det er tenester til personar med funksjonsnedsetting, habiliterings- og rehabiliteringstenester, allmennlegetenester, heimebaserte tenester, psykisk helse- og rustenester, heldøgnsomsorg og NAV. Sektor for helse og omsorg omfattar forvaltningskontor, sjukeheimstenester, heimetenester, habiliteringstenester, psykisk helse og rus, lege- og rehabiliteringstenester og NAV.

### Sjukeheimstenester:

Alver kommune har fire sjukeheimar. Det er differensierte plassar for korttidsopphald, demens, langtid, avlasting, rehabilitering, øyeblikkeleg hjelp døgnplassar (ØHD) og ein sjukeheim har spesifiserte plassar med tilbod om palliativ omsorg. Aktivitetstilbod lågterskel for eldre er også organisert under sjukeheimstenester. Kjøkkentenesta leverer mat til institusjonane, heimebuande og til omsorgsbustad pluss.

### Heimetenester:

Heimesjukepleien gir hjelp og rettleiing til eldre, sjuke og personar med funksjonstap som bur heime. Tenester i omsorgsbustad pluss, dagtilbod for somatiske brukarar og for personer med demenssjukdom, individuelle tenester i team. Brukarstyrt personleg assistanse, praktisk bistand til brukarar, middagslevering og velferdsteknologi. Kvardagsrehabilitering for å meistre daglege aktivitetar i tett samarbeid med fysio- og ergoterapitenesta.

### Habiliteringstenester:

Tenester i bufellesskap/omsorgsbustad pluss for personar med utviklingshemming, avlastnings for barn og unge, arbeids - og aktiviseringstilbod, individuelle tenester i team, brukarstyrt personleg assistanse, individuell plan, koordinator og fritidskontakt (støttekontaktenesta).

### Lege- og rehabiliteringstenester:

Fastlegetenesta, sjukeheim-og helsestasjonslege, interkommunal legevakt, fysio- og ergoterapitenesta, hjelpemiddellageret og kreftkoordinator. Fysioterapi for vaksne vert gitt  i eigen heim, som del av eit institusjonsopphald, eller i fysio- og ergoterapitenesta sine kommunale behandlingsstader. Barn og unge får oppfølging i barnehage, skule, i eigen heim eller i kommunale behandlingsstader. Fysio- og ergoterapitenesta gir bistand til søknad om varige hjelpemiddel frå NAV og låner ut for kortare tid frå kommunalt hjelpemiddellager. Kreftkoordinator er eit lågterskeltilbod som gir hjelp til informasjon, råd og rettleiing om diagnose, behandling, rehabilitering og lindring.

### Psykisk helse og rus:

Gir heimebaserte tenester, tenester i omsorgsbustad pluss og lavterskeltilbod til brukargruppa. Tenester er støttesamtalar, opplæring og bistand i daglege gjeremål, følgje til anna helseteneste, kurs i depresjonsmeistring, dag- og aktivitetstilbod, medikamenthandtering inkludert legemiddelassistert rehabilitering, arbeidsoppfølging rus, individuell plan, koordinatorfunksjon, buoppfølging og felles gruppeaktivitetar i lågterskeltilbod. Psykologtenesta i Alver er eit lågterskeltilbod til barn, unge, vaksne

og eldre med psykiske plager og lidingar, livskriser og andre utfordringar som verkar inn på den psykisk helsa.

## NAV:

Gir tenester etter sosialtenestelova «Formålet med loven er å bedre levekårene for vanskeligstilte, bidra til sosial og økonomisk trygghet, herunder at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig, og fremme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltakelse i samfunnet. Tenester som vert gitt er økonomisk sosialhjelp, opplysning, råd og rettleiing, gjeldsrådgjeving, mellombels butilbod, kvalifiseringsprogrammet, aktivitetsplikt- tilbod til unge, forebyggje sosiale problem, individuell plan ved behov for koordinerte og langvarige tenester, spre kunnskap om sosiale forhald og tenester i kommunen. Busetting av flyktningar og introduksjonsprogrammet er lagt inn under NAV sine tenester i kommunen.

## Ansvar og hovudoppgåver:

Helse- og omsorgstenestelova regulerer kommunens overordna ansvar for helse og omsorgstenester. Kommunen skal sørge for at personer som oppheldt seg i kommunen skal ha tilbod om nødvendige helse- og omsorgstenester.

Kommunen sitt ansvar omfatter alle pasient- og brukergrupper, herunder personer med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller liding, rusmiddelproblem, sosiale problemer eller nedsatt funksjonsevne.

Alver kommune har forvaltningsmodell som betyr at det er skilje mellom forvaltning og drift. Dette skal sikre likebehandling, kvalitet og effektivitet. Forvaltningskontoret har ansvar for å sakshandsame søknader og tildele helse- og omsorgstenester i tråd med lov, forskrift og kommunale kriteria. Ansvaret omfatter samhandling med spesialisthelsetenesta om utskrivingsklare pasientar. Det er tett dialog mellom forvaltningskontor og tenesteytinga gjennom felles samhandlingsrutiner.

Alver kommunestyre vedtok i møte 06.05.2021 å starte opp eit 4-årig prosjekt for leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift i sektor Helse og omsorg. Prosjektet har gitt jamnlege orienteringar til råd, utval og formannskap om status og framdift.

Prosjektet har iverksett et systematisk arbeid for både å redusere og stabilisere kostnader i sektoren, sikre god praksis i tenestetilbodet, samt møte behovet for auka tenester hos innbyggarane i åra som kjem. Tildeling av tenester og bustadar, samt kapasitet i begge områda, er gjensidig avhengig av kvarandre og dei to områda helsa og omsorg vurderer som heilt nødvendig å gjera noko med for å møta behova og krava til endring som sektoren står overfor.

Evaluering av forvaltningsmodellen vart starta opp hausten 2023 for å kome fram til ny praksis for korleis kartlegge, vurdere og tildele nødvendig helsehjelp. Målet er ei justering og endring til ny god praksis som gir:

- betre tilpassa og fleksible tenester med god kvalitet
- auka moglegheit for bruker med- og –påverknad betre enn i dag
- fleire høvet til å meistra eigen kvardag og bu lengre i eigen bustad
- betre oppgåvedeling og bruk av kompetanse i eigen, og på tvers av, tenester
- moglegheita for tenestene til å ta ned, stabiliserer og auka opp ressursbruk fordi tilboda i større grad møter brukars behov, med utgangspunkt i innsats på beste effektive omsorgsnivå i aktivitets- og meistringstrappa.

Arbeidet med bustadplanen for Alver kommune er i prosess og planlagt ferdigstilt medio 2024.

## Tenester i Alver kommune:

- Aktivitetsbasert avlasting
- Aktivitetstilbod
- Arbeidsaktiv (psykisk helse)
- Arbeids- og aktivitetssenter
- Avlasting på dag- og aktivitetsenter
- Avlasting timar born/unge
- Avlasting timar vaksne
- Avlasting i privat heim born/unge
- Avlasting i institusjon for born/unge
- Avlasting i institusjon for vaksne
- Bistand og opplæring i daglege gjeremål
- Brukarstyrt personleg assistanse
- Dag- og aktivitetstilbod for vaksne
- Ergoterapi
- Felleskost i omsorgsbustad med bemanning
- Fysioterapi
- Følgjebevis
- Hjelpemidlar
- Hjelp til daglege gjeremål
- Helseteneste i heimen
- Individuell plan og koordinator
- Interkommunal legevakt
- Koordinator
- Korttidsopphald i institusjon
- Døgnrehabilitering i institusjon
- Kartleggingssopphald i institusjon
- Kurs i depresjonsmestring
- Kreftkoordinator
- Kvardagsrehabilitering
- Langtidsopphald i institusjon
- Lavterskeltilbod
- Legeteneste
- Lærings-og meistringstilbod
- Middag
- Nøkkelboks
- Omsorgsbustad
- Omsorgsbustad med bemanning
- Omsorgsstønad
- Parkeringsløyve
- Psykolog
- Støttekontakt
- Støttesamtale (psykisk helseteneste)
- Velferdsteknologi

Det vart i 2023 vedteken kommunedelplan for helse og omsorg, og prioriteringane i denne ligg som føresetnad for utviklingsarbeidet i sektoren. Tiltaka frå planen som er finanisert gjennom rullering av

handlings og økonomiplan 2024 - 2027 kjem fram under tiltaksoversynet. Tiltaka det ikkje er funne økonomisk handlingsrom til å gjennomføre kjem fram under tabell nederst under sektor kapittelet, og under sentralt kapittel “tiltak frå planer, ikkje innarbeida”.

## Organisasjon:




## Nøkkeltal for sektoren

Oversikt over dei største tilboda innanfor sektoren:

| Tilbod | Tal | Kommentar |
|---|---|---|
| Sjukeheimsplassar | 183 | I tillegg kjøper kommunen 2 sjukeheimsplassar i anna kommune |
| Heildøgns omsorgsplassar/bufellesskap i Habiliteringstenester | 76 | |
| Avlastningsplasser i institusjon og leiligheter for barn og unge i Habiliteringstenester | 12 | |
| Tal heildøgns omsorgsplassar/bufellesskap i Psykisk helse og rus | 19 | |
| Institusjonsplassar i Psykisk helse og rus | 9 | |
| Heildøgns omsorgsplassar/leiligheter i Heimetenesta | 55 | |
| Pr. januar 2023:<br><br>Brukarar i heimetenesta (inkl. dagsenter og heildøgns omsorgsplassar) | 936 | 6080 timar vedtak pr veke |
| Pr. desember 2023:<br><br>Brukarar i heimetenesta (inkl. dagsenter og heildøgns omsorgsplassar) | 1020 | 6402 timar vedtak pr veke |
| Velferdsteknologi, antal løysingar i bruk | 662 | ein auke på 146 gjennom året. |
| Saker/vedtak om helse- og omsorgstenester, omsorgsbustad/+,parkeringsløyve, følgjebevis, eigenbetaling og etteroppgjer | 3981 | Tal på nivå med 2022. |

## Utfordringar og utvikling

Nasjonale reformer og omstillinger har dei siste åra gitt kommunane eit større ansvar for befolkninga si helse og for at alle skal få nødvendige tenester. Nasjonale styringsdokument vektlegg førebyggande arbeid og tidleg innsats, samtidig som kommunane får stadig større oppgåver innan rehabilitering, behandling, pleie og omsorg. Demografisk utvikling viser at kommunen må gjera nødvendige omstillingar. Dette saman med nye nasjonale reformer, vil setje store krav og oppgåver til tenestene i framtida. Helse- og omsorgstenesta skal vera berekraftig og sikre innbyggarane gode levekår og likeverdige tenester. Alver kommune sin kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 legg føringar for korleis vi vil utvikle samfunnet vårt, kva vi skal satse på, kva visjonar og mål vi har for framtida – og kva vi må gjere for å kome dit. Kommunedelplan helse, sosial og omsorg skal bidra til måloppnåinga. Ny kommunedelplan for helse, sosial og omsorg er vedteke.

**Auka behov for tenester gjev auka økonomisk utfordring:**

Helse og omsorg har eit aukande tenestebehov. Sidan oppstart av Alver kommune har tal brukarar auka, og prognosane for befolkningsutvikling viser at behovet for tenester vil auke betydeleg i åra framover. I økonomiplanperioden viser prognosane for demografiutvikling at behovet for tenester er forventa å auke med over 80 mill. kr.

Tenestene arbeider kontinuerleg med effektiviseringstiltak for kostnadseffektiv drift og gjennomførar innsparingane som er knytta til dette. Det er eit eige prosjekt for leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift som arbeider med forbetringsarbeid for ressurseffektiv drift. I framlegg til kommunedelplan for helse, sosial og omsorg viser korleis kommunen kan møta utfordringane i den demografiske utviklinga og levekår.

## Viktige hendingar og resultat i året

I 2023 er kommunedelplan helse, sosial og omsorg, plan for legetenesta og veteranplan ferdigstilt og vedtatt. Arbeidet med førebyggjande plan og bustadplanen er kome langt i prosessen og planlagt ferdigstilt i løpet av 2024. Helse og omsorg har deltatt i KS læringsnettverk for gode pasientforløp og læringsnettverk for tenester til personar med utviklingshemming. Hausten 2023 starta deltaking i KS læringsnettverk for pårørandesamarbeid og Tørn-prosjektet der det vert sett på nye arbeids-og organisasjonsformer i kommunale helse-og omsorgstenester.

Det er gjennomført brukar- og pårørandeundersøking i løpet av året.

Velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering er gjort om til lågterskeltilbod.

Kommunen busette 188 flyktningar i løpet av 2023. Det er jobba svært bra med gjennomføring av introduksjonsprogrammet og integrering.

Prosjektet leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift i sektoren har arbeidd med følgjande:

- Styrings- og rapporteringsdata med omsyn til mest mogleg korrekt datagrunnlag for avgjerdstøtte.
- Minimetodevurdering Housing First- ein modell for varig busetjing av huslause med rusmiddelavhengnad og/eller psykiske helseproblem.

- Organisasjonsjustering i tenesteområdet psykisk helse og rus til teaminndeling ut frå behov. Det er team for rask psykisk helsehjelp (lågterskeltilbod), team psykisk helse og team rus/avhengigheit.
- CRPD nettverk (FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne) der deltek tilsette frå Habiliteringtenester i fagnettverk som er arrangert av utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester (USHT).
- Forbetringsarbeid innan ambulerande tenester og avlastingsavdelinga med fokus på tydeleggjering av kva som er målgruppe for, og innhald i tilboda. Dette inkluderer også fritidskontakttenesta (støttekontakt).
- Samhandling bustader, der det er etablert vurderingsteam for tildeling av bustader med tverrsektoriell deltaking.
- Evaluering av forvaltningsmodellen starta opp hausten 2023 og vert vidareført i 2024 med mellom anna pilotering av vurderingsteam for søknader og tildeling av tenester i helse og omsorg.
- Prosjekt leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift 2021-2024 (statusrapport 2023).
- Gatelaget (fotball-lag) arena for menneske med rusrelaterte utfordringar.
- Utvida tilbodet med gjeldsrådgiving og opna opp for drop-in timar.
- Prosjekt *Første Steg* – for innbyggjarar som har behov for avklaring i samband med helse og arbeid
- Kunnskapskommunen Helse Omsorg Vest – bidratt i arbeid med pilot kunnskapsoppsummeringer. Ligg føre FHI-rapport «Mot et kunnskapsstøttesystem for kommunene – Beskrivelse og erfaringer med modellen».
- Utarbeida tenesteanalyse for personar med utviklingshemming.
- Prosjekt fag- og tenesteutvikling i og rundt Region Nordhordland Helsehus.

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Tenesteområde | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| 500-Helse og omsorg stab | 41 394 | 31 196 | 30 372 | -825 | -2,7 % |
| 510-Sjukeheimar | 202 672 | 215 466 | 213 572 | -1 894 | -0,9 % |
| 520-Heimetenester | 219 070 | 247 606 | 239 120 | -8 486 | -3,5 % |
| 530-Habiliteringstenester | 180 033 | 195 804 | 201 055 | 5 252 | 2,6 % |
| 540-Psykisk helse og rus | 50 345 | 52 890 | 56 513 | 3 624 | 6,4 % |
| 550-Lege- og rehabiliteringsteneste | 80 890 | 88 467 | 90 435 | 1 968 | 2,2 % |
| 560-NAV | 81 639 | 107 785 | 109 540 | 1 755 | 1,6 % |
| **Sum** | **856 043** | **939 214** | **940 607** | **1 393** | **0,1 %** |

## Kommentar til status økonomi

**Kommentar til årsresultat 2023:**

Helse og omsorg brukar samla sett 1,4 mill.kr. mindre enn budsjettert.

Dette skuldast i hovudtrekk:

- betydeleg høgare refusjon for ressurskrevjande brukarar. Både høgare ressursinnsats og fleire brukarar, men også som følgje av ekstraordinært høge pensjonskostnader utfrå regelverk for berekning av refusjonsgrunnlag

- øvrige inntekter frå brukarbetalingar er også ca. 6,0 mill.kr. høgare enn budsjettert. Majoriteten av inntektene følgjer nivå på penjonsinntekt hos brukarane.
- det er framleis utfordringar rundt rekruttering til faste stillingar og vikarar ved sjukdom. Dette gir kostbare løysingar i form av vikarkjøp frå byrå.

**Pr. tenesteområde:**

**Stab og forvaltningskontor:**

Hadde eit meirforbruk på 0,8 mill.kr. Dette skuldast betaling for utskrivingsklare pasientar i sjukehus siste halvår, som vart høgare enn budsjettert.

**Sjukeheimar:**

Har eit meirforbruk på 1,8 mill.kr.

Inntekter frå brukarbetaling er 8,9 mill.kr. i høgare enn budsjettert. Dette brukast til å dekke kostbare vikarbyrå løysninger.

**Heimetenester:**

Har eit meirforbruk på 8,5 mill.kr. Auka behov og vedtak har gitt betydelege meirkostnader og behov for å auka kapasitet. Grunna utfordringar med å rekruttere nye medarbeidarar, har kapasitetsutfordringane måtte løysast med ekstra kostbar innleige frå vikårbyrå.

**Habiliteringstenester:**

Har eit mindreforbruk på 5,3 mill.kr. Samla kostnader på 12,5 mill.kr. over budsjettert nivå. Dette er finansiert med betydeleg høgare refusjonar for ressurskrevjande brukarar (17,1 mill.kr. over budsjett).

**Psykisk helse og rus:**

Har eit mindreforbruk på 3,6 mill.kr. Meirforbruk knytta til kjøp av varer og tenester er dekka av vesentleg høgare refusjonsinntekter for ressurskrevjande brukarar.

**Lege og rehabiliteringstenester:**

Har eit mindrforbruk på 2,0 mill.kr. Dette kjem frå ei meir stabil legedekning og høgare refusjonsinntekter enn budsjettert.

**NAV:**

Har eit mindreforbruk på 1,8 mill.kr. Det er overforbruk på sosialhjelp, medan introduksjonsstønad, kvalifiseringsprogrammet og faste stillingar endar lågare enn budsjettert.

## Internkontroll og HMS i sektoren

Sektoren sitt internkontrollsystem inngår i kommunen sitt kvalitetssystem, som femner om styringsdokument og rutinar, avviksbehandling, risikovurdering, årshjul, sjekklister og oppfølging.

Sektoren har jobba med praktisk gjennomføring av risikovurderingar, og det er gjennomført fleire ROS-analysar (risiko-og sårbarheitsanalysar) i 2023. I arbeidet blir det fokusert på kartlegging av risikoområde på arbeidsplassen, vurdering av sannsynlegheit og konsekvens, planlegging og evaluering av tiltak.  Målet er å få auka forståelsen av kva nytte kommunen har av systematisk arbeid med avvik, læring og forbetring.

Internkontrollarbeidet i sektor helse og omsorg har i 2023 mellom anna hatt fokus på:

- Etablere tverrsektorielt vurderingsteam for bustadtildeling.
- Arbeidd med betre systematikk i samarbeidsmøter mellom forvaltning og tenestene og gjort organisatoriske og strukturelle endringar for forbetring.
- Arbeidet med å oppdatere rutinar i kvalitetssystemet er i kontinuerleg arbeid, som ein konsekvens av meldte avvik og gjennomførte risiko analyser.

# Oppvekst

## Beskriving av tenesteområde

I Alver kommune er tenesteområda barnehage, barnevern, helsestasjon- og jordmortenesta, pedagogisk psykologisk teneste (PPT) og skule samla i sektor oppvekst. Kvart tenesteområde er leia av ein tenesteleiar, som inngår i leiargruppa for oppvekst saman med kommunalsjef. Tenesteleiarane har delegert eit heilskapleg ansvar for sitt tenesteområde, knytt til økonomi, personal og fag. Det heilskaplege ansvaret er delegert vidare til avdelingsleiarane. Dette i samsvar med delegasjonsreglementet til Alver kommune.

I tillegg til tenesteområda har oppvekst ein stab, som i organisasjonskartet er plassert i linje under kommunalsjef. Stab oppvekst har mellom anna ansvar for/deltek i følgjande oppgåver:

- Sakshandsaming og forvaltningsoppgåver (førebu politiske saker, handsame søknader knytt til særleg farleg skuleveg, skulebyte, gå på skule i annan kommune med meir, redusert foreldrebetaling)
- Godkjenning og tilsyn av alle barnehagane i kommunen, deltek ved tilsyn frå Statsforvaltar og Arbeidstilsyn - barnehage og skule
- Økonomistyring (tilskot til private, spesialpedagogisk hjelp i barnehage og spesialundervisning i friskulane, refusjon og ressursavtalar gjestebarn og gjesteelevar, fordeler statlege kompetansemidlar)
- Utviklingsarbeid (deltek og har prosjektleiaransvar for fleire av sektoren sine prosjekt, saman med tenesteleiarane, deltar i og har ansvar for innhald i leiarsamlingar barnehage og skule)
- Internkontroll (redaktøransvar i kvalitetssystemet - rutinar, prosedyrar og retningsliner med revideringar, kvalitetsoppfølging av dei kommunale barnehagane og skulane, saman med tenesteleiarane)
- Informasjonstryggleik og personvern (risikovurderingar nye system og verkty, deltar i anbodsprosessar, opplæring ut i organisasjonen)
- Post og innsyn (fordeler post til tenesteområda og følgjer opp krav om innsyn barnehage og skule)

Oppvekst deltek i fleire samarbeidsprosjekt som har vore med på å byggje fellesskap og samarbeid både internt og med andre kommunar.  I nokre av prosjekta har representantar frå oppvekst delteke i samarbeid med andre tenesteområde i kommunen og på fylkesnivå. Det er etablert fleire møteplassar for tverrfagleg samarbeid i kommunen. Vi deltek også i samarbeid med omkringliggjande kommunar om til dømes Mor i Norge studien, som undersøkjer korleis det går med førstegongsmødre som kan ha behov for meir oppfølgjing enn det som per i dag finns på helsestasjonen og hjå fastlege.

I tillegg har vi delteke i læringsnettverk i regi av Statsforvaltaren knytt til utarbeiding av plan for førebyggjande arbeid (etter oppvekstreforma), utarbeida handlingsplan mot vald i nære relasjonar, jobba med innføring av rett til barnekoordinator og samarbeida med dei andre kommunane om utvikling av satsinga fag- og tenesteutvikling i helsehuset. Det er lagt ned mykje godt arbeid, som vil danne grunnlag for vidare utviklingsprosessar i åra som kjem.

Kommunedelplan for oppvekst vart vedtatt 23. februar 2023, og prioriteringane i denne planen ligg som føresetnad for utviklingsarbeidet i sektoren. I 2023 vart det prioritert å arbeide med tiltak som kunne finansierast innafor eksisterande budsjettramme, og det har vore jobba med:

- Etablering av lokalt tiltak i barnevernet (Alver kommune driftar tiltaket sjølv, med målsetjing om å redusere omfang av kjøp av tenester frå andre, samt at barn og familie får tilbod om tiltak nærare heimen)
- Ferdigstille lokal avtale med organisasjonane for å møte dei komande kompetansakrava for tilsette i barnevernet, gjeldande frå 2031
- Etablere system for pakkeforløp barnevern og helse
- Ferdigstille rullering av kompetanseplanar for alle tenesteområda i sektoren (barnevern, helsestasjon- og jordmortenesta, barnehage, skule og PPT)
- Koordinere arbeidet med Inkluderande barnehage- og skulemiljø
- Gjennomføre prosjektet Universell pedagogikk - Utvikling av praksis i barnehage og skule for å sikre barn og unge eit inkluderande fellesskap (i samarbeid med Universitetet i Oslo).
- Delta i satsinga på Språk, lesing og skriving i barnehage og skule samt starte arbeidet med å utarbeide ein språkstrategi for kommunen (i samarbeid med Lesesenteret i Stavanger)
- Oppstart av team læringsmiljø frå august 2023 - Støtte og kompetansetilbod til barnehagar og skular i kommunen (i samarbeid med Læringsmiljøsenteret i Stavanger).
- Førebyggjande arbeid og følgje opp valdshendingar i skulen, samt utvide tilbodet om kjernegrupper til å gjelde 5.-10. trinn (i samarbeid med politiet)
- Sikker handsaming av personopplysningar - inngå databehandlaravtalar og gjennomføre risikovurderingar samt opplæring i høve til system/praksis
- Internkontroll og risikovurderingar knytt til tenesteområda og praksis, årshjul for styring, utvida bruk av kvalitetssystemet til kommunen og gjennomføre konkrete øvingar
- Starte på arbeidet med å utarbeide plan for bruk av velferdsteknologi barn og unge ( i samarbeid med helse)
- Etablere system for barnekoordinator i Alver kommune (i samarbeid med helse)
- Etablere handlingsplan for arbeid med fysisk og psykisk helse barn og unge
- Greie ut korleis gjere skulehelsetenesta meir tilgjengeleg for elevane
- Rullere system for spesialpedagogisk hjelp i barnehage og spesialundervisning i skule
- Rullere system for opplæringstilbod til minoritetsspråklege barn i barnehage og elevar i skulen
- Ferdigstille system for kvalitetsoppfølging i barnehage og skule
- Sluttføre prøveprosjekt lågterskel foreldrerettleiing og overføre dette til vidare drift
- Etablere kommunalt foreldreutval for barnehage og skule
- Delta i Erasmus-prosjektet Etablering av ungdomsskulestrategi (i samarbeid med næringslivet og vidaregåande skule)
- Etablering og drift av mentorordning for nytilsette styrarar og rektorar i kommunen
- Arbeide for etablering av ny løysing for heimeside barnehage og skule (regionalt samarbeid knytt til ny kommunal innbyggjarportal)

## Organisasjonskart for sektoren:




Tenesteområde barnehage har 8 avdelingar - 8 kommunale barnehagar og pedagogisk støtteeining for alle barnehagane i kommunen (som for tida er lagt under Haugen barnehage)
Tenesteområde skule har 23 avdelingar - 22 grunnskular, 1 vaksenopplæring
PPT har fire team - utøvande team, team barnehage, team skule og team læringsmiljø
Barnevernet har fire avdelingar- familie, tiltak, mottak og undersøking, fosterheim
Helsestasjon- og jordmortenesta har to avdelingar og eit team - avdeling helsestasjon og jordmor, avdeling skulehelsetenesta, team for migrahelse og smittevern

Det er 3 friskular og 19 private barnehagar i kommunen.

## Oversyn skular og bemanning ( henta frå GSI-rapporteringa i oktober 2023)

| Skuleår 2023/2024 | | | |
|---|---|---|---|
| **Barneskular** | **Elevar** | **Årsverk 1)** | **Elevar/ årsverk** |
| Alversund | 327 | 30,01 | 10,9 |
| Austebygd | 29 | 4,72 | 6,1 |
| Eikanger | 75 | 7,90 | 9,5 |
| Grasdal | 140 | 16,04 | 8,7 |
| Hordabø | 98 | 11,10 | 8,8 |
| Kløvheim | 22 | 4,20 | 5,2 |
| Knarvik b | 233 | 24,19 | 9,6 |
| Leiknes | 184 | 15,12 | 12,1 |
| Lindås b | 199 | 19,73 | 10,1 |
| Manger | 183 | 21,34 | 8,6 |
| Myking | 58 | 6,03 | 9,7 |
| Ostereidet b | 93 | 10,24 | 9,1 |
| Rossland * | 229 | 27,19 | 8,4 |
| Sagstad | 460 | 45,96 | 10,0 |
| Seim | 147 | 15,13 | 9,7 |
| Sæbø | 94 | 11,78 | 7,8 |
| Vestbygd | 134 | 16,19 | 8,3 |
| **Sum** | **2 705** | **286,9** | **9,4** |

1) Lærarårsverk, utan assistentar, rektorressurs og merkantilt tilsette

*Rossland skule er både barne- og ungdomsskule

| Ungdomsskular | Elevar | Årsverk 1) | Elevar/ årsverk |
|---|---|---|---|
| Knarvik u | 385 | 39,45 | 9,8 |
| Lindås u | 163 | 15,94 | 10,2 |
| Meland u | 183 | 21,61 | 8,5 |
| Ostereidet u | 90 | 12,48 | 7,2 |
| Radøy u | 179 | 24,26 | 7,4 |
| **Sum** | **1 000** | **113,7** | **8,8** |

1) Lærarårsverk, utan assistentar, rektorressurs og merkantilt tilsette

## Oversyn barnehagar

| Private barnehagar | Antal heiltidsplassar 15.12.2023 | | | Årsverk 2) | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 0-2 år | 3-5 år | Sum 1) | Samla | Pedagogisk personale | Plassar/ årsverk |
| Hundvin naturbarnehage | 11 | 18 | 40 | 7,4 | 3,0 | 5,4 |
| Barnas barnehage Kløvheim | 8 | 11 | 27 | 4,5 | 2,5 | 6,0 |
| Blåklokka barnehage | 34 | 43 | 111 | 25,0 | 10,8 | 4,4 |
| Drømmehagen barnehage | 63 | 83 | 209 | 38,4 | 17,5 | 5,4 |
| Espira Marthahaugen barnehage | 28 | 40 | 96 | 16,0 | 7,0 | 6,0 |
| Knarvik barnehage | 38 | 74 | 150 | 29,8 | 13,2 | 5,0 |
| Leiketun barnehage | 31 | 50 | 113 | 21,6 | 12,9 | 5,2 |
| Leiknes Fus barnehage | 28 | 48 | 104 | 17,4 | 8,0 | 6,0 |
| Leirdalen barnehage | 7 | 29 | 43 | 9,4 | 4,0 | 4,6 |
| Læringsverkstedet Alversund barnehage | 25 | 28 | 78 | 13,4 | 6,0 | 5,8 |
| Læringsverkstedet Maurtua barnehage | 19 | 25 | 63 | 11,0 | 3,8 | 5,7 |
| Natås barnehage | 10 | 17 | 37 | 6,7 | 4,0 | 5,6 |
| Nordhordland barnehage | 10 | 7 | 27 | 5,6 | 2,1 | 4,9 |
| Ostereidet Fus barnehage | 24 | 33 | 81 | 12,5 | 5,2 | 6,5 |
| Seim barnehage | 17 | 31 | 65 | 10,8 | 5,0 | 6,0 |
| Solhaugen barnehage | 11 | 42 | 64 | 12,0 | 5,0 | 5,3 |
| Trollskogen barnehage | 29 | 64 | 122 | 22,0 | 9,9 | 5,5 |
| Smilehullet familiebarnehage | 2 | 5 | 9 | 2,1 | 0,1 | 4,2 |
| **Sum** | **395** | **648** | **1 438** | **265,5** | **120,0** | **5,4** |

- Heile plassar. Småborn 0-2 år er vekta med 2 (tel for to plasser)
- Tala er utan styrar sin administrasjonsressurs, eksklusive spes.ped tiltak

| Kommunale barnehagar | Tal heiltidsplassar 15.12.2023 | | | Årsverk 2) | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 0-2 år | 3-5 år | Sum 1) | Samla | Pedagogisk personale | Plassar/ årsverk |
| Austebygd bhg. | 8 | 14 | 30 | 5,1 | 3,0 | 6,0 |
| Bø bhg. | 15 | 28 | 58 | 11,5 | 5,0 | 5,1 |
| Haugen bhg. | 5 | 16 | 26 | 5,0 | 2,6 | 5,2 |
| Juvikstølen bhg. | 28 | 60 | 116 | 20,0 | 9,2 | 5,8 |
| Lindås bhg. | 28 | 34 | 90 | 15,0 | 7,0 | 6,0 |
| Marihøna bhg. | 12 | 21 | 45 | 7,4 | 4,0 | 6,0 |
| Prestmarka bhg. | 35 | 67 | 138 | 24,0 | 11,2 | 5,7 |
| Sæbø bhg | 17 | 29 | 63 | 11,0 | 5,0 | 5,7 |
| **Sum** | **149** | **269** | **566** | **99,0** | **47,0** | **5,7** |

1. Heile plassar. Småborn 0-2 år er vekta med 2 (tel for 2 plasser)
2. Utan tenesteleiar og styrar, eksklusiv spesialpedagogiske tiltak og lærling




## Utfordringar og utvikling

Kommundelplanen er eit viktig styringsdokument for sektoren, og er eit resultat av tverrfagleg samarbeid og stort engasjement frå aktive og engasjerte barn og ungdomar, føresette, tilsette, politikarar samt både interne og eksterne samarbeidspartar.

I planarbeidet vart det tatt utgangspunkt i framtidsvisjonen i kommuneplanen sin samfunnsdel, som definerer fire hovudmål for kor kommunen skal vere i 2040:

Alver er eit berekraftig samfunn, med attraktive senter og levande bygder og grender.

Alver har eit rikt og inkluderande kulturliv som er ein drivkraft i samfunnsutviklinga.

Alver har eit berekraftig næringsliv med Mongstad som Norges fremste industriklynge.

Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstsvilkår og god helse.

Planen tar hovudsakleg utgangspunkt i mål 4 i samfunnsdelen: Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse.

Det er definert seks hovudmål med tilhøyrande delmål og strategiar:

1. Barn og unge opplever å høyre til
2. Barn og unge blir sett og ivareteke
3. Barn og unge er rusta til å møte framtida
4. Barn og unge opplever at vaksne samarbeider
5. Barn og unge blir møtt av kompetente vaksne
6. Familiar opplever eit godt tenestetilbod

I tillegg er det definert eit 7. mål, som har fokus på å følgje opp målsetjingar i andre planar.

Planen har ei tydeleg målsetjing om at barn og unge skal ha ein trygg oppvekst i kommunen, der den einskilde er inkludert i fellesskapet og får god omsorg. Barn og unge skal utvikle kompetanse til å møte framtida og kommunen skal utvikle praksis for å følgje opp barn, unge og familiar med særleg utfordringar. For å lukkast med målsetjinga spelar dei vaksne ei viktig rolle, både i høve til tverrfagleg samarbeid, tidleg innsats og i det dagleg arbeidet rundt barn, unge og familiar.

Målsetjingane for 2023 er sett i samanheng med den økonomiske situasjonen kommunen er i, og difor er det ikkje planlagt eller gjennomført tiltak som krev ekstra finansiering knytt til oppfølging av planen.

I 2023 er rammer for drifta justert i høve til venta barnetal i barnehagane og elevtal i skulane. I praksis betyr dette at dei største endringane i høve til økonomi er knytt til tenesteområde skule og reduksjon i tal tilsette.

I 2023 har tenesteområda Pedagogisk Psykologisk Teneste (PPT), Barnehage og Helsestasjon- og jordmortenesta vidareført drift på tilsvarande nivå som i 2022. For tenesteområde Barnevern var det i budsjettet lagt inn ei auke knytt til plasseringar og for tenesteområde Skule er det lagt inn innsparingar (reduksjon tal årsverk) knytt til vidareføring av tidlegare innsparingstiltak og demografi.

Det har vore jobba med mogleg organisering av Pedagogisk støtteeining for barnehage i samband med fase ein i prosjektet Universell pedagogikk, og resultatet av dette arbeidet vil bli lagt fram for politisk vurdering i 2024.

Det er eit stort behov for tilgjengelege vaksne som kan følgje opp elevane, både i høve til sosiale og psykiske forhold, men også i forhold til ulike utfordringar ein møter på som ungdom. Generelt melder både ungdom sjølv, tilsette i skule, helsesjukepleiarar og andre faginstansar eit stort behov for vaksne ressurspersonar rundt dei unge.

I åra som kjem er det tenesteområda barnehage og skule som vil møte dei største innsparingskrava. Dette ut frå venta utvikling i demografi, og synkande barne- og elevtal.

### *Utfordringsbilete barnehage*

Det er eit stort behov for tilgjengelege vaksne som kan følgje opp barna i høve til krav om eit trygt og godt barnehagemiljø. Generelt melder både tilsette og foreldre om behov for auka bemanning.

I samband med opptak til nytt barnehageår blir tal årsverk justert i høve til tal barn, slik at barnehagane oppfyller norm for både bemanning og pedagogtettleik.

Sjølv om barnehagane oppfyller norm for tal tilsette, er det utfordrande å sikre ei god nok bemanning i det daglege. Dette skuldast mellom anna at det er vanskeleg å få tak i nok vikarar til barnehagane ved kortare og lengre fråvær. Det har gjennom året vore jobba med tiltak for å betre denne situasjonen. Mellom anna er det sett i verk eit prosjekt i samarbeid med NAV Arbeidsmiljøsenter og Bedriftshelsetenesta, med målsetjing om å redusere sjukefråværet i barnehagane. I tillegg har kommunen dei siste åra hatt årsverk med faste tilsette vikarar i barnehagane, finansiert av refusjon sjukeløn. Barnehageåret 2023/24 har kommunen 8,2 årsverk faste tilsette vikarar i barnehagane. Barnehagane har ein beredskapsplan knytt til høgt fråvær, og det blir arbeida med risikovurderingar og tiltak.

Arbeidstida til dei tilsette i barnehagane blir fordelt ut over opningstida til barnehagane. Ved utvida opningstid blir det færre vaksne tilstades per time i barnehagen, og dette vil verke inn på vaksentettleiken i løpet av dagen. Kvar pedagog har lovfesta rett til fire timar plantid per veke (tid til planleggjing og utvikling), og dette kjem i tillegg til fråvær grunna møteverksemd. I kommunedelplan oppvekst er det lagt inn tiltak for å setje inn vikarar for pedagogane i plantida frå og med 2025.

***Endring i barnehagestruktur***

I 2023 har det vore jobba med å førebu flytting av Haugen barnehage til Juvikstølen frå hausten 2024. Det har vore gjennomført fleire foreldremøte og møtepunkt mellom tilsette og foreldre i barnehagane. Dette for å sikre føresette og tilsette så tidleg og god informasjon som mogleg, i tillegg til å sikre ivaretaking av born og tilsette før, under og etter gjennomføringa. Flyttinga er knytt til omfattande anleggsarbeid rundt barnehagen, og at det ikkje er tilrådeleg å ha barnehagedrift i denne lokasjonen i anleggsperioden. I samband med arbeidet med kommunen sin arealplan, vil det vere ønskjeleg at behovet for ein ny barnehage på nedsida av E39 blir vurdert.

***Utfordringsbilete skule***

Justeringar knytt til demografi og reduksjon i elevtal i skulen lar seg ikkje justere på same måte som vi kan justere faktorane tal barn og tal vaksne i barnehagen. I skulen er tal årsverk i større grad knytt opp mot tal klassar, og det har vore liten endring i tal klassar frå 2022 til 2023. Det betyr i praksis at skulane må driftast med færre årsverk til omlag like mange klassar og omlag like mange elevar som har rett til spesialundervisning eller anna tilrettelagt opplæring.

I høve til lærarnorm så oppfyller Alver kommune denne. Det kan tidvis vere skular som ligg under lærarnorma, men om vi ser på kommunen samla sett, så oppfyller kommunen lærarnorma med god margin. Men lærarnorma åleine fortel ikkje alt om stoda. Fleire av skulane melder det er utfordrande å sikre ein god nok balanse mellom ressursar til klassane og ressursar knytt til spesialundervisning og helsetiltak rundt einskilde elevar. Det er venta at desse utfordringane vil auke i omfang til neste år, då ramma til skule skal reduserast ytterlegare.

Sjølv om skulane får tildelt ressursar i høve til tal klassar og omfang av spesialundervisning, så vil både skuleleiarar og tilsette oppleve at det er for lite ressursar til drifta. Eit mogleg tiltak for å betre på denne situasjonen, er å arbeide for at fleire elevar skal få dekka sine rettar til opplæring innafor det ordinære, slik at vi på sikt kan redusere omfanget av spesialundervisning.



Alver kommune har etablert eit prosjekt - Universell pedagogikk, som er felles for barnehage og skule. Prosjektet har ei første tidsramme på to år, gjeldande for åra 2023 og 2024. Ved utgangen av 2024 skal det liggje føre eit rammeverk for utvikling av felles pedagogisk praksis, kompetanseutvikling i kollegafellesskap og skildring av metodikk både for å sikre ein inkluderande praksis for alle barn og unge i kommunen og den einskilde sine rettar i høve til spesialpedagogisk hjelp og undervisning. Det er skissert følgjande gevinstmål for prosjektet: Betre heilskap og koordinering, eit likeverdig tilbod i kommunen og betre ressursutnytting.

Første fase har hatt fokus på barnehage, og som mellom anna skal munne ut i ei tilråding i høve til organisering av spesialpedagogisk hjelp i barnehage. Det er venta at konklusjonen er klår for drøfting med tillitsvalde våren 2024. Andre fase av prosjektet har fokus på skule, og denne delen startar opp på nyåret.

Skulane opplever aukande grad av vald og trugslar, og dette kjem tydeleg fram i avvik som er meldt inn frå tilsette. Det har vore jobba med tiltak for å styrkje skulane i arbeidet med å førebyggje og handsame desse utfordringane, og kommunen har etablert rutinar og retningsliner for arbeidet. Per i dag er det behov for å sikre eit heilskapleg og systematisk arbeid knytt til risikovurdering, øving og opplæring for tilsette i skulen. Dette for å tryggje dei tilsette og sikre eit godt arbeidsmiljø. Det er lagt inn midlar til etablering av eit kompetansetiltak for tilsette i budsjettet for 2024, med planlagt oppstart frå august 2024.

***Barnehage- og skulebruksplan***

Det har vore jobba med barnehage- og skulebruksplanen (kommunedelplan) i 2023.

Målsetjinga er at denne planen skal bidra til meir ressurseffektiv drift av dei kommunale barnehagane og skulane i kommunen i åra som kjem. Norconsult er engasjert som ekstern konsulent for planarbeidet.

I planprogrammet er oppgåvene i planprosessen skildra:

1. Skildre faktorar som utgjer eit godt barnehage- og skulemiljø, knytt til:
    a. Leik og læring
    b. Helse, miljø og tryggleik
    c. Skulehelsetenesta
    d. Trivnad

    e. Folkehelse
    f. Universell utforming
    g. Skulefritidsordning
    h. Leksehjelp
    i. Skuleveg/skuleskyss
    j. Barnehagane og skulene som arbeidsplassar
    k. Utleige og anna bruk av anlegga
    l. Barnehage og skule som nærmiljøanlegg

2. Utarbeide prinsipp for utforming av barnehage- og skuleanlegg i kommunen, samt drift av desse.
   Synleggjere status for bygg, anlegg og uteareal og eventuelle investeringsbehov ved strukturendringar.

3. Vurdere utvikling i barnetal- og elevtal i dei ulike skulekrinsane i kommunen, med utgangspunkt i prognosane

4. Presentere ei oppdatert oversikt over dei kommunale barnehage- og skuleanlegga i kommunen, med omsyn til:
    a. Vedlikehaldsbehov
    b. Investeringsbehov
    c. Kapasitet
    d. Godkjenning etter miljøretta helsevern
    e. Kvalitet og behov med omsyn til pedagogisk bruk av bygg og uteareal

5. Skildre venta økonomisk ramme for drift av barnehagar og skular i kommunen dei komande åra.

6. Drøfte tiltak tilpassa anlegga og barne- og elevtalsprognosane for kommunen, med omsyn til:
    a. Venta endringar i barne- og elevtal ved barnehage- og skuleanlegga
    b. Oppretting eller nedlegging av barnehage- og skuleanlegg
    c. Vurdering av krinsgrenser

7. Tilråding med alternative løysingar for framtidig struktur barnehage og skule, med
    a. Ulike løysingar
    b. Kostnadsvurdering
    c. Kvalitetsvurdering
    d. Risiko- og sårbarheitsanalyse
    e. Konsekvensvurdering inkludert skildring av samfunnsmessige konsekvensar



Bilete frå arbeid i ei av referansegruppene knytt til planarbeidet.

I 2023 har det vore jobba med fase 1 i arbeidet, med fokus på tilstandsvurderingar av bygg og anlegg. Det har også vore gjennomført ein omfattande medverknadsprosess, der både elevar, føresette, tilsette og samarbeidspartar har vore invitert til informasjonsmøte og arbeid i referansegrupper.

Prosjektgruppa består av to hovudtillitsvalde oppvekst, hovudverneombod oppvekst, tenesteleiar barnehage, tenesteleiar skule, konsulent frå Norconsult, representant for tilsette barnehage og skule, tenesteleiar plan og analyse og kommunalsjef oppvekst.

Utval for Levekår er politisk styringsgruppe for arbeidet.

I 2024 blir det i fase 2 jobba med utarbeiding av ulike strukturalternativ. Planlagt høyringsperiode for planen er våren 2024, med endeleg vedtak haust -24.

***Etablering av lokalt tiltak i barnevernet***

Det vart etablert eit nytt lokalt tiltak i barnevernet i Alver hausten 2023; Miljøteam barnevern.

Miljøteamet skal følgje opp barn og familiar gjennom lokale tiltak, kunne vere ein arena for samvær, bidra til aktivitet, trening og trygge vaksenrelasjonar for barn og vere tilsvarande støttepersonar for familiar. Miljøteamet skal også hjelpe foreldre i kontakt med andre instansar, og gje støtte og rettleiing etter behov. Det er venta at tiltaket på sikt skal føre til reduksjon i kjøp av tenester frå eksterne.

Etter ein relativt kort driftsperiode har barnevernet allereie fleire positive erfaringar å melde. Dei har hatt ein god start, og hadde svært mange søkjarar til tiltaket. Frå første stund har det vore god aktivitet i teamet og teamet har vore med på å løyst fleire komplekse saker. Barnevernet har unngått kjøp av tenester frå eksterne fordi vi kunne løyse behov gjennom arbeid i teamet.



## Viktige hendingar og resultat i året

***Helsestasjon- og jordmortenesta***

Gjennomført prosjekt for innføring av nytt journalsystem, HsPro. Innføring av DigiHelsestasjon - meldingsteneste mellom tenesta og innbyggjarar via HelseNorge. Etablert team for migrasjonshelse og smittevern.

To tilsette i jordmortenesta har fullført masterutdanning i 2023.

Tilsett frå skulehelsetenesta har delteke i arbeidsgruppe i regi av Helsedirektoratet med utarbeiding av nytt bemanningsverkty for skulehelsetenesta.

Helsestasjon og jordmortenesta har takka ja til deltaking i forskingsprosjekt om «Foreldrepakken» i regi av Stine-Sofie stiftelsen og Folkehelseinstituttet (FHI).

***Barnehage***

Det har vore gjennomført felles planleggjingsdag for alle tilsette i kommunale barnehagar; Læringssenteret i Stavanger, med tema Barns språkutvikling, kartlegging og vurdering av språkarbeidet.

Barnehagane har starta med TRAS som kartleggingsverktøy for språk i alle de kommunale barnehagane.

Det har vore jobba med førebuing av samanslåing av Haugen og Juvikstølen barnehagar.

Dei kommunale barnehagane har samarbeida om etablering av system for oppfølging av DUÅ-arbeidet i den einskilde barnehage.

Barnehagane er ein  del av den nasjonale satsinga Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Alver kommune har etablert prosjektet Universell pedagogikk knytt til denne satsinga, og samarbeider med Universitetet i Oslo (institutt for spesialpedagogikk) i dette arbeidet. Eit

berande element i prosessen er korleis tilsette med ulik kompetanse arbeider saman med felles mål om å byggje og styrkje ein likeverdig, raus og inkluderande praksis i barnehage og skule.

Prosjektet har i fase 1 hatt særleg fokus på  barnehagane, og det har i 2023 vore gjennomført kartlegging av no-situasjonen i barnehage relatert til hovudtema inkludering. Det har også vore jobba med ulike alternativ for organisering av spesialpedagogisk tilbod i barnehagane i kommunen. Dette knytt til politisk bestilling om å sjå på organisering av det spesialpedagogiske tilbodet i barnehagane i Alver.

***Skule***

Ein stor del av dei kommunale grunnskulane er no med i den nasjonale satsinga dekomp (desentralisert kompetanseutvikling). Ungdomsskulane var først ute, og har i sitt utviklingsarbeid hatt fokus på vurdering for læring som verkty i analysearbeid og kollektiv kompetanseutvikling. HVL har vore samarbeidspart med ungdomsskulane i dette arbeidet.

Samarbeidet med Lesesenteret som kompetansemiljø er sentrert rundt satsinga "Språk, lesing og skriving - barnehagar og skular med god praksis og likeverdig tilbod". Satsinga er organisert i fleire løp, der alle har ei felles prosjektgruppe, med også inndeling i ulike arbeidsgrupper.

Det eine løpet er at vi skal utarbeide ein kommunal strategi for arbeid med språk, lesing og skriving for barnehagar og skular. Det andre løpet er at alle barneskulane deltek i satsinga med fokus på eige arbeid med språk, lesing og skriving. Kvar skule skal, med god forankring hjå tilsette og tillitsvalde, arbeide fram eigne problemstillingar og målformuleringar, samt utvikle plan for og gjennomføre utviklingsarbeid på eigen skule. Skuleåret 2023/24 deltek åtte barneskular i dette arbeidet, og det er planlagt å utvide med fire nye skular frå neste skuleår.




***Barnevern***

Alver kommune har deltatt i nasjonalt tilsyn på fosterhjemsområdet i 2023. Kommunen fekk gode tilbakemeldingar på arbeidet som blir utført i høve til fosterheimar, og det vart ikkje avdekka lovbrot. Alver barnevernsteneste var tilfeldig vald ut i Vestland fylke.

Forvaltningsrevisjon barnevernet i Alver er gjennomført med godt resultat. Det blir jobba med oppfølging av forbetringsområde som er presentert i rapporten.

Prosess knytt til nytt fagsystem i barnevernet er etablert, med planlagt oppstart i 2024.

Etablering av miljøteam og stad for å gjennomføre samvær mellom barn og føresette vart etablert hausten 2023.

Tenesta har gjennomført brukarundersøking hausten 2023.

***Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)***

PPT har deltatt i prosjekta Universell Pedagogikk og Språk, lesing og skriving i 2023, arrangert samlingar for skule- og barnehagetilsette med fokus på Leike- og læringsmiljø (Team Læringsmiljø), og leia og levert foreldrerettleiingskurs (COS, DUÅ) via prosjektet Universell Foreldrerettleiing.

Av kompetansetiltak for tilsette som er gjennomført i 2023 kan nemnast at fire pedagogar er i sluttfasen av å fullføre spesialiseringsutdanning i spesialpedagogisk rettleiing, to psykologspesialistar er i gang med vedlikehald av spesialiseringa si, samt at både ein pedagog og ein psykolog er i sluttfasen av MarteMeo rettleiingsmetodikk. I juni reiste dei fleste tilsette til Storefjell på fagleg samling som er godkjent både for psykologar og pedagogar. Her deltok ein på kurs om tilrettelegging for relasjonsvanskar og utviklingsforstyrring. I tillegg har to logopedar fullført opplæring i metodikk kring  korleis ivareta brukarar med Parkinson.



## Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Tenesteområde | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| 600-Oppvekst stab | 266 913 | 258 463 | 264 344 | 5 881 | 2,2 % |
| 610-PPT | 17 519 | 18 761 | 19 345 | 583 | 3,0 % |
| 620-Skule | 426 859 | 446 108 | 455 988 | 9 880 | 2,2 % |
| 640-Barnehage | 80 113 | 87 256 | 88 466 | 1 210 | 1,4 % |
| 650-Barnevern | 91 841 | 74 835 | 80 341 | 5 506 | 6,9 % |
| 660-Helsestasjon og jordmor | 19 127 | 20 045 | 19 818 | -227 | -1,1 % |
| **Sum** | **902 371** | **905 469** | **928 302** | **22 833** | **2,5 %** |

## Kommentar til status økonomi

**Oppsummerande tekst til økonomistatus for 2023**

Oppvekst har eit samla mindreforbruk tett opp mot 23 millionar kroner i 2023.

Mindreforbruket er hovudsakleg knytt til tenesteområda skule, barnevern samt stab oppvekst. For tenesteområde skule er mindreforbruket relatert til auke i inntekt gjesteelevar, mindreutgifter lønn og auka inntekter vaksenopplæringa. Dette utgjer samla sett over 6 millionar kroner. I tillegg har det i 2023 vore omlag 4 millionar i lågare utgifter til pensjon (Statens pensjonskasse) enn budsjettert.

Mindreforbruket i barnevernet er i hovudsak knytt til færre plasseringar og kostnadskrevjande tiltak enn forventa hausten 2023.

Mindreforbruket i stab er mellom anna knytt til reduserte utgifter til kompensasjonsordningar barnehage, reduserte utgifter til styrking og færre barn med barnehageplass i andre kommunar enn budsjettert. Til saman utgjer dette 3,5 millionar kroner. I tillegg er mindreforbruket knytt til lågare tilskot private barnehagar grunna endring i driftsnivå, som utgjer omlag 500 000 kr. Stab oppvekst har i 2023 hatt lågare utgifter til lønn enn budsjettert. Dette skuldast at det ikkje er sett inn vikar ved sjukefråvær.

Utgifter til lønn i tenesteområde barnehage er i balanse ved årsslutt, men det er eit mindreforbruk på sentrale driftspostar. Haugen barnehage har det største mindreforbruket. Dette kan relaterast til at barnehagen skal avvikle drift frå august 2024. Samla utgjer mindreforbruket på barnehage omlag 1 million kroner.

Pedagogisk psykologisk teneste har eit mindreforbruk på omlag 500.000 kroner ved årsslutt. Dette skuldast i hovudsak refusjon sjukelønn.

Helsestasjon- og jordmortenesta har eit meirforbruk knytt til migrahelseteamet på omlag 500.000 kroner, men grunna mindreforbruk på andre område kjem tenesta samla ut med eit meirforbruk på vel 200 000 kroner.

## Internkontroll og HMS i sektoren

**INTERNKONTROLL**

Sektoren sitt internkontrollsystem inngår i kommunen sitt kvalitetssystem, som femner om styringsdokument og rutinar, avviksbehandling, risikovurdering, årshjul, sjekklister og oppfølging.

***Systemarbeid***

Oppvekst har i 2023 jobba med retningsline for internkontroll både på sektor- og tenestenivå. Retningslina på sektornivå vart revidert hausten 2023 for å få tydelegare fram at denne også gjeld for fag, ikkje berre HMS. Det er også etablert ei rutine for å sikre oppfølging av retningslina.

Sektoren har jobba med praktisk gjennomføring av risikovurderingar, og det er gjennomført fleire ROS-analysar (risiko-og sårbarheitsanalysar) i 2023. Til dette arbeidet er det brukt ulike malverkty for risikoanalysar som er tilgjengeleg i kvalitetssystemet til kommunen, Netpower. Netpower sin analysemodul er den mest omfattande metoden for risikovurderingar, og den er brukt på sektor- og tenestenivå. Avdelingane kan også bruke denne, men i tillegg er det to enklare malar som kan nyttast. Også dei forenkla malane ligg tilgjengeleg i Netpower. I arbeidet blir det fokusert på kartlegging av risikoområde på arbeidsplassen, vurdering av sannsynlegheit og konsekvens, planlegging og evaluering av tiltak.

Aktuelle spørsmål som blir stilt i risikovurderinga er: Kva er mogleg risiko i samband med arbeidet, kva problem eller uønska hending kan risikoen føre til, kva tiltak har vi, kva tiltak treng vi, korleis får dei tilsette opplæring, kva for kompetansetiltak treng vi, korleis øver vi på risikoområde, kva treng vi øve meir på, når evaluerer vi og korleis gjer vi det, korleis dokumenterer vi?

Det blir oppmoda om at leiarane involverer lokal arbeidsmiljøgruppe i arbeidet med risikovurderingar, og at vurderingane blir gjort kjent for alle tilsette.

Tidspress, manglande opplæring og/eller forståing for ansvar er vurdert å vere risikopunkt i høve til manglande oppfølging av retningsline og rutinar. Som kompenserande tiltak er det lagt til krav om årleg gjennomgang av retningsline, etablert sjekkliste for oppfølging på tenestenivå, planlagt systematisk opplæring i metode for internkontroll og risikovurdering for nye tenesteleiarar, i tillegg til oppfølging i månadssamtalar på leiarnivå.

***Avvik***

Det er store skilnader mellom tenesteområda i oppvekst i høve til meldte avvik. Skule er framleis det tenesteområdet som melder flest avvik, der den største delen av meldte avvik er knytt til vald, trugslar og trakassering. Totalt vart det meldt inn 592 avvik og 7 forbetringsforslag i sektoren i 2023.

Av HMS-avvik vart det meldt inn 36 avvik frå barnehage, 355 frå skule, 7 frå barnevernet og 5 frå helsestasjon- og jordmortenesta i 2023. Det er ikkje registrert HMS-avvik frå Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) i 2023.

Av systemtiltak knytt til HMS i skule er det etablert rutine for førebyggjande arbeid med vald og trugslar , bruk av tvang i skuletida, i tillegg til publisering av rettleiar for bruk av naudrett og andre inngripande tiltak.

Det er behov for å fastsetje tiltak og handlingsplanar for den einskilde skule for å tryggje dei tilsette i arbeidet med å førebyggje og handsame situasjonar med trugslar og vald. Etablering av team

læringsmiljø (som vart etablert frå skuleåret 2023/24) er planlagt å skulle vere til støtte for skulane og barnehagane i kompetansebygging, hjelp og støtte i vanskelege situasjonar.

Også for barnehage er det flest meldte avvik i høve til HMS for tilsette, med barnehage- og skulemiljø på ein andreplass. Fleire av avvika meldt frå barnehagane er relatert til mangel på personell, at barnehagen har mangla vikar, at pedagogar ikkje har fått tatt ut plantid eller at opplegg/tilrettelegging har gått ut grunna mangel på vaksne.

***Prioritert område i 2023***

Emosjonelt belastande arbeid er eit område vi har hatt særleg merksemd på i 2023.

Barnevernet har opplevd auka omfang av negative kommentarar og hets mot barnevernet på digitale flater. Skulane opplever auke i situasjonar med utagering, trugslar og vald retta mot andre elevar og tilsette.

Barnevernet har utarbeida rutine for vald, trugslar og hets, som skildrar førebyggjande tiltak for å unngå at tilsette blir utsett for dette i kvardagen, samt ivaretaking av tilsette ved konkrete hendingar og eventuell melding av forhold til politiet.

Tenesteområde skule har tidlegare etablert retningsline og rutinar for vald i skulen, og det er i 2023 blitt arbeida med risikovurderingar og praktisk øving i situasjonar som tilsette kan møte på i arbeidskvardagen. Det er behov for å øve meir på dette, i form av systematisk opplæring og trening i personalgruppene. Midlar avsett i budsjett for 2024 vil bli brukt til dette. Det er i tillegg behov for å sikre oppfølging av tilsette som blir utsett for, eller tilskodar til vald og trugslar i samband med utøving av arbeidet sitt.

Helsestasjon- og jordmortenesta har jobba med tema «Omsorg for hjelparane», og har blant anna hatt psykologspesialist Reidar Tyholdt frå RVTS på ein personalsamling med dette som tema. Dei har mellom anna hatt fokus på kva det gjer med oss å vere hjelparar i andre sine vanskelege situasjonar. Det kan vere komplekse saker i familiar som ein vert involvert i, tragiske skjebnar i samband med svangerskap/fødsel, brukarar som ein ikkje opplever at ein klarar å hjelpe, alvorlege saker knytt til vald og overgrep, arbeid i kriseteam for dei som deltek der med vidare. Tenesta har jobba med korleis vi kan leggje til rette for å tole desse belastningane best mogleg, og unngå omsorgstrøytte og utbrentheit.

Også PPT har til tider eit emosjonelt belastande oppdrag. Dei tilsette står i saker med relativt høgt konfliktnivå t.d. mellom foreldre, og/eller samarbeidspartar som krev stadig meir handlingskompetanse. PPT har eit internt system for å ivareta kvarandre i kvardagen, og har stort fokus på å byggje og ivareta gode relasjonar til det beste for borna.

***Forbetringsområde***

Det er behov for eit sterkt fokus på korleis våre tilsette og leiarar har det med omsyn til vald og trugslar, samt det å stå i ein arbeidskvardag der dei ikkje opplever å strekkje til i høve til barn og elevar sine behov grunna manglande kapasitet eller mangel på tilgjengelege vikarar. Det er også behov for å

arbeide med bruk av risikovurdering som metode for analyse av eigen ståstad og risikobilete, som grunnlag for analyse, prioritering og tiltak.

Dette vil det bli jobba med i samarbeid med ny bedriftshelseteneste og blir innarbeida i handlingsplan for samarbeidet i 2024.

Vald og trugslar er eit problem vi eig saman, ikkje berre den som opplever det.

Sektor oppvekst har i 2023 jobba med desse områda knytt til internkontroll:

- Utarbeida planar i Framsikt:
  - Kommunedelplan for oppvekst
  - Handlingsplan mot vald i nære relasjonar (temaplan)
  - Plan for førebyggjande arbeid i Alver kommune (temaplan)
- Opplæring og systematisk bruk av kommunalt kvalitetssystem (NetPower)
  - Rutinar (utarbeide nye og revidere eksisterande rutinar)
  - Forbetringsframlegg – oppmode om å melde inn framlegg til forbetring og handsame innkomne innspel
  - Avvik og varsel - opplæring og oppmoding om å melde avvik og varsle om kritikkverdige forhold, følgje opp avvik som er meldt
  - Jobba med pilot i tenesteområde barnehage – melding og oppfølging av avvik
- Førebudd arbeidet med teneste-ROS og starta arbeidet på tenestenivå
- Arbeida vidare med informasjonstryggleik og sikker handsaming av personopplysningar (DPIA, ROS og Databehandlaravtalar)
- Innført Visma hsPro (helsestasjon og jordmortenesta)
- Utarbeida tilstandsrapport for barnevern og skule
- Drifta prosjekt sjukefråvær barnehage, i samarbeid med NAV arbeidslivsenter
- Starta opp fase 2 i prosjektet Universell pedagogikk (i samarbeid med UiO Senter for spesialpedagogikk)
- Drifta prosjektet Språk, lesing og skriving (i samarbeid med Lesesenteret i Stavanger)
- Etablert team læringsmiljø barnehage og skule (i samarbeid med Læringsmiljøsenteret i Stavanger)
- Etablert lokalt tiltak i barnevernet (samvær, miljøteam)
- Deltatt i kompetanserekkje for leiaropplæring barnehage og skule – i regi av Nordhordland kompetanseregion
- Gjennomført prosjekt Universell foreldrerettleiing og spreie informasjon om kommunen sine tilbod retta mot målgruppa
- Deltatt i sektorovergripande prosjekt – Alver kommune
- Deltatt i prosjekt Fag- og tenesteutvikling i Helsehuset
- Deltatt i Digi-Vestland samarbeidet
- Tilsyn – deltaking, gjennomføring og oppfølging
  - Barnevern - område fosterheimar (Statsforvaltaren)
  - Sagstad skule (Arbeidstilsynet)
  - Barnevernet - Forvaltningsrevisjon (KPMG)
  - Skriftleg tilsyn Alver kommune - Personvernforordningen (Datatilsynet)
  - PPT - Sakshandsamingstid (Statsforvaltaren)
  - Private og kommunale barnehagar (i regi av Alver kommune)
  - Lindås barneskule og Radøy ungdomsskule - Internkontroll og spesialundervisning (Statsforvaltaren)
- Oppfølging av lovendringar sektor oppvekst

- Redusert foreldrebetaling barnehage og SFO
- Krav til kompetanse tilsette i barnevernet



# Teknisk forvaltning og drift

## Beskriving av tenesteområde

## Sektor teknisk forvaltning og drift omfattar to hovudområde:

- Utvikling, forvaltning og drift av den kommunale eigedomsmassen, vegar og VA-anlegg
- Saksbehandling og forvaltning av plan- og byggesaker, kart og oppmåling, landbruk, natur, miljø og ureining

## Ansvar og hovudoppgåver

### Bygg, eigedomar, vegar og VA-anlegg:

Eigedomsmassen til Alver kommune omfattar kommunale bygningar, utleigebustader, vegar, plassar, idrettsanlegg, grøntanlegg, kaiar, vatn- og avløpsanlegg.

Tenesteområde Eigedomsforvaltning har ansvar for utvikling og forvaltning av denne eigedomsmassen, medan tenesteområde Drift og vedlikehald er det operative nivået; vaktmeistrar, reinhaldarar, driftspersonell. Til saman sørger dei to tenesteområda for at bygningane, vegane, vatn- og avløpsanlegga, idrettsanlegga osv til ei kvar tid fungerer slik dei skal, er hensiktsmesssige for tenesteytinga og at dei kommunale verdiane blir tatt vare på for noverande og komande innbyggjarar.

Bygningane og eigedomane våre er arenaer for:

- Oppveksten til borna våre
- Pleie og omsorg for våre eldre
- Lokalsamfunnet og frivilligheten
- Kommunen sitt omdømme
- Næringsutvikling, stadutvikling og lokalmiljø
- Klima-, energi- og miljøpolitikken

Alver kommune skal til ei kvar tid levere nok vatn av drikkevasskvalitet til innbyggjarar og næringsdrivande. I tillegg skal Alver kommune ha god nok sløkkevasskapasitet og levere tilstrekkeleg industrivatn i samsvar med gjeldande avtalar.

Kommunen skal også ta hand om avlaupsvatn slik at det ikkje oppstår miljøskade. Vassdraga og sjøområda skal ha ein vasskvalitet som gjev livsgrunnlag for biologisk mangfald, rekreasjon, bruk og produksjon.

Infrastrukturen skal utviklast med stor grad av sikkerheit og beredskap, slik at funksjonaliteten blir ivaretatt under alle forhold, medrekna endringar i klima.

### Arealforvaltning:

Tenesteområde Arealforvaltning omfattar forvaltning og saksbehandling som er retta ut mot grunneigarane i kommunen. Dei sentrale ansvarsoppgåvene for Arealforvaltning er:

- saksbehandling av reguleringsplanar, bygge-, dele og dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova

- oppmålingsforretningar, andre saker etter matrikkellova
- drift og vedlikehald av kommunen sine kart og geodatabasar
- landbruksforvaltning innanfor konsesjonslov, jordlov, tilskotsforvaltning og næringsutvikling innanfor landbruk
- oppfølging av ulovleg bygging
- tilsyn og forvaltning etter forureiningslova
- rettleiing til innbyggjarane våre

Oppmålingsavdelinga gjennomfører oppmålingsforretningar etter at det er gjort vedtak om frådeling av eigedom, endring av eigedomsgrenser m.m. Annan sakshandsaming etter matrikkellova, lov om eigarseksjonar og I tillegg er drift og utvikling av kommunen sine kart ei sentral oppgåve.

Miljø og tilsyn behandler klager på vedtak innanfor alle fagområde under Arealforvaltning. Avdelinga har også oppfølging av forureiningssaker, frå mindre utslepp frå private bustadar til båtvrak og saker som gjeld mogeleg forureining frå næringsverksemd. I tillegg følgjer avdelinga opp ulovlege tilhøve etter plan- og bygningslova i samsvar med vedtatt tilsynsstrategi.

Landbruksavdelinga har ansvaret for den kommunale landbruksforvaltninga i Alver, Austrheim, Fedje og Modalen. Totalt er det 510 aktive gardsbruk med husdyrhald og/eller fôrproduksjon i desse kommunane, 469 av dei er i Alver kommune. Alver er ein av dei største landbrukskommunane i Vestland fylke.

Nær alle dei 2500 landbrukseigedomane i Nordhordland har skog. Det har vore ei storstilt skogplanting i Nordhordland og no vert det hogd store kvantum av gran kvart år. I det moderne skogbruket krev dette gjennomføring av store skogsvegprosjekt.

## Nøkkeltal for sektoren

### Oversyn over den samla eigedomsmassen, tal pr oktober 2023:

| | Areal | Volum, stk | Endring sidan oktober 2022 |
|---|---|---|---|
| Undervisningsbygg, medrekna nye Alversund skule | Ca. 87.000 m2 | 25 | |
| Barnehage, medrekna nye Lindås Barnehage | Ca. 13.000 m2 | 8 | |
| Administrasjons- og driftsbygningar, medrekna Alversund gamle skule og gamle Kolås barnehage | Ca. 27.000 m2 | 14 | |
| Helse- og institusjonsbygg | Ca. 23.500 m2 | 12 | |
| Idrettsbygg, medrekna Alverhallen | | 15 | |
| Kulturbygg, inkl naust og muséumsbygg (bygningsvern) | | 23 | |
| **Formålsbygg til saman** | **Ca. 170.000 m2** | | |
| Kommunale bustader | Ca. 30.800 m2 | 378 | 8 |
| Leikeplassar og nærmiljøanlegg | | 45-50 | |

## Vatn og avløp:

| Tema | Volum oktober 2023 | Endring sidan oktober 2022 |
|---|---|---|
| Høgdebasseng | 16 stk | 2 |
| Hovudvassverk | 5 stk | 1 |
| Reservevassverk | 4 stk | 0 |
| Reinseanlegg avlaup sil | 9 stk | 0 |
| Tot.tal tekniske anlegg | Ca 116 stk | 0 |
| Vassleidningar | 503,5 km | 5,6 km |
| Vasskummar | 2382 stk | 31 stk |
| Spillvassleidningar | 186,5 km | 7,1 km |
| Spillvasskummar | 3136 stk | 179 stk |
| Overvassleidningar | 82,5 km | 0,5 km |
| Drensleidningar | 4,8 km | 2,1 km |
| Overvasskummar | 1176 stk | 111 stk |
| Kombinerte kummar | 1043 stk | 104 stk |

## Tal abonnentar vatn og avløp:

| Tema | Tal | Endring sidan oktober 2022 |
|---|---|---|
| Abonnentar vatn | 11 764 | 104 |
| Abonnentar avløp | 7 873 | 105 |

## Veg:

| Tema | Volum |
|---|---|
| Kommunal veg | 342 km |
| Bruer | 46 stk |
| Kaier | 22 - 28 stk |

**Arealforvaltning:**

| Tema | Volum, stk | Endring sidan oktober 2022 |
|---|---|---|
| Mottatte byggesøknadar gjennomsnitt per månad | 70,8 | -2,6 |
| Vedtak i bygge- og delesaker, per mnd i snitt | 77,7 | (målt pr år før) |
| Førehandskonferansar | 64 | -4 |
| Vedtak om adressetildeling/omadressering | 49 | 3 |
| Vedtak om seksjonering | 11 | -6 |
| Oppmålingsforretningar | 103 | 19 |
| Klagesaker, handsama | 104 | 33 |
| Aktive gardsbruk | 481 | 9 |
| Vedtak om skogsvegar | 25 | 10 |
| Jordbrukstilskot (kommunen forvaltar gjennom ulike tilskotsordningar) | 127 millionar | 46 mill |
| Konsesjonssaker | 25 | (ikkje målt) |
| Jordlovssaker | 29 | (ikkje målt) |

## Utfordringar og utvikling

## Drift og vedlikehald av bygningar, eigedomar og vegar og anlegg:

I økonomiplanperioden blir det utført kritisk vedlikehald, som t.d. tetting av lekkasjar, utskifting av fleire tak og ytre vedlikehald elles (kledning, vindauge, dører), innafor tildelt ramme. I tillegg vil innemiljøtiltak, tilpassingar og ombyggingar som ulike tenester har behov for bli prioritert. Kommunedirektøren foreslår å auke ramma i høve til førre år, for å dekke inn vedlikehaldsetterslepet som er oppstått.

Driftsnivået blir underlagt streng energistyring og generelt nøktern standard. Straumprisar har utgjevna seg men framleis høge materialkostnadar bidrar til stramme budsjett. Prisstigninga er vanskeleg å anslå; for enkelte varegrupper er det framleis høge prisar. Dette gjeld i hovudsak materiell som det er energikrevjande å produsere, t.d. kjemikalie, bygningsvarer, røyrdelar, betongelement.

Nye investeringar medfører auka driftskostnader på grunn av utvida bygningsmasse. Budsjettramma har ingen buffer for utvida drift, og dekning for desse driftskostnadene må fremjast som konsekvens av nye investeringar.

Brøytestandarden på veg blir halde på eit lågt nivå, det same blir sommardrift med grøfterens mm. Det blir ikkje utført asfalteringsarbeid utanom mest kritiske tiltak. Redusert vedlikehald på vegnettet og

redusert vinterdrift fører nokså raskt til skader i sjølve veggrunnen. Det vil krevje auka ressursar til investering på sikt, for å sette i stand vegnettet. Dersom kommunen må overta deler av fylkesvegnettet i tillegg, vil reduserte midlar til drift og vedlikehald kunne ha relativt store konsekvensar for trafikkavviklinga og trafikktryggleiken. Så langt ligg det inne eit forslag om og overta fylkesvegen ned til Sævråsvåg.

## Eigedomsforvaltning:

Forvaltninga vil fokusere på optimalisering av bygningsmassen og infrastruktur generelt, søke samarbeid med utbyggarar, lag og organisasjonar, og planlegge for innovative, klimanøytrale løysingar på sikt.

Det jobbast med systematisk vedlikehald av bygga og anlegga våre. Alle bygg og anlegg er sett inn i ein vedlikehaldsplan, med ein syklus på fire år. Vedlikehaldsplanen inneheld oversikt over planlagde tiltak, basert på årleg registrering og kartlegging. Når budsjettet er vedtatt, blir det gjort konkrete prioriteringar mellom dei ulike bygningane og eigedomane. I 2023 vart det sett av ekstra løyving til vedlikehald, men det er det ikkje i 2024. Behovet er større enn tilgjengelege midlar.

Løypande investeringspostar dekker alt frå nytt leikeplassutstyr til innvendige ombyggingar, lys og ventilasjon. Tenestene melder inn behov kvart år, og bygga på vedlikehaldsplanen blir prioritert. Behovet er også her større enn tilgjengelege midlar.

Kommunale bustader er for personar som grunna helse, økonomi og/eller sosiale tilhøve treng bistand til å skaffe eller behalde bustad i tenleg bumiljø. Alver kommune har i 2022 og 2023 også tatt i mot mange flyktningar. Behovet for kommunale bustader er aukande, og det er krevjande å skaffe nok og riktige bustader. Arbeidsmengda aukar når bustadmassen aukar. Søknader om bustøtte og startlån har og auka vesentleg dei siste åra. Det har vore sett inn ekstrahjelp i periodar for å handtere saksmengda, men det er ikkje funne rom for å legge inn auka ressursar permanent i budsjettet. Ein større innsats her kan m.a. bidra til redusert behov for sosialhjelp. Det ligg ikkje inne midlar til fleire ressursar på bustadkontoret.

Avdeling for samferdsle, veg, vatn og avløp, har i 2023 fleire vakante stillingar. Vi opplever at det er krevjande å få tak i riktig kompetanse, og det er få kvalifiserte søkjarar til stillingane. Utfordringa er størst innanfor vatn og avløp.

I løpet av 2024 skal kommunen overta eigarskapet til veglys frå BKK, og med det ansvaret for veglysdrift. Sjølve drifta skal ut på anbod. Det er ikkje lagt inn budsjett for auka kompetanse til å følge opp dette forvaltningsansvaret. I tillegg er det behov for ei større oppgradering av armaturar, målarar og lyskjelder for å kunne drive effektivt, dette eventuelt i form av eit eige investeringsprosjekt.

## Arealforvaltning:

Arealforvaltning har i år vore aktive innanfor to store anskaffingsprossessar saman med dei andre samarbeidskommunane i IKTNH. Det er anskaffa nytt planregister og nytt sak/arkivsystem. Begge systema går i drift i 2023.

Plan - og byggesak har jobba aktivt med å få handsama søkndar innanfor sakshandsamingsfristane og ser at vi i løpet av 2023 er meir ajour med saksmengda enn det som har vore status for dei føregåande åra i Alver. Det er og ei nedgang i innkomne bygge- og delesøknadar til kommunen.

For planforvaltning har det vore eit fleirtal av offentlege reguleringsplanar og planar som går til 2.gongs handsaming.

Miljø og tilsyn merkar ei auke i saksmengda på klagesaker. Det er fleire innmeldte saker som gjeld mogeleg forureining, både med omsyn til forureining til terreng/vassdrag og i form av båtar.

Strategisk og kontinuerleg fokus på ureining krev auka ressursar, det same gjeld for tilsyn og oppfølging av ulovleg tiltak etter plan- og bygningslova. Konkret oppfølging av miljøtiltak, t.d. forvaltning av vassdrag, er utfordrande innafor tilgjengeleg kompetanse og kapasitet.  Dette gjeld t.d. båtar, bilar, kloakkutslepp, ulovlege fyllingar, utslepp kjemikalie (varer og tenester). Auka prioritering og aktiv oppfølging av denne type saker krev meir ressursar i avdelinga og midlar til å handtere sakene. Det ligg ikkje inne midlar til dette i dagens budsjett.

Avdeling for Kart og oppmåling har hatt ei auke i oppmålingssaker i år.

Landbruksavdelinga har stor saksmengd og forvaltar ein stor sum pengar i tilskotsforvaltninga. I tillegg til dei ordinære oppgåvene som forvaltningssaker og tilskotsforvaltning, har landbruksavdelinga ei viktig rolle inn mot andre fagområde i kommunen, i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel og innanfor viltforvaltninga. I tillegg har landbruk ei sentral rolle i å rettleie nye gardbrukarar i kommunen vår og vere gode rettleiarar for dei som driv jordbruksnæring. Erfaringa vår etter nesten 3 år i Alver kommune er at det er for få ressursar på landbruksavdelinga i forhold til mengd arbeidsoppgåver. Det er eit tydeleg behov for å auke opp bemanninga ved landbrukskontoret. Alver kommune får tilført 7,4 millionar til landbruksforvaltning frå staten.

## Viktige hendingar og resultat i året

### Generelt

Generelt for sektoren er kapasiteten prega av rekrutteringsutfordringar. Det er behov for spesialkompetanse innan mange felt, frå juridisk- til sivilingeniør- til handverkar-nivå. Sektoren står i sterk konkurranse med privat sektor. Desse utfordringane gjer at sektoren må kjøpe inn fleire kostbare tenester enn ønskjeleg.

### Utvikling, forvaltning og drift av den kommunale eigedomsmassen, vegar og VA-anlegg

Det blir jobba med miljøprofil i forhold til bilpark, kjemikaliebruk, materialbruk, gjenbruk og kjelde-sortering / gjenvinning. Drift- og vedlikehaldsområdet har hatt ekstra innsats på beredskap i vassforsyninga, forsterka grunna uro og krig i Ukraina. Det same m.o.t. IKT-sikkerheit knytt til samfunnskritiske funksjonar.

Det er gjort eit arbeid for å bli godkjent som lærlingeverksemd innafor fleire område, sist innan veg- og anleggsfaget, med sikte på godkjenning i 2024.

Gjennom året er det gjort ein del større utskiftingar av kostbart kritisk driftsutstyr som vassverkspumper, gamle avløpsrøyr, styringssystem. Det har vore eit stort fokus på energisparetiltak også i 2023, med nattsenking av temperatur mm. Det er vanskeleg å få god styring på innetemperaturen sidan store deler av bygningsmassen til Alver er gamal og nedslitt, og dårleg isolert. Standard lyskjelder og lysarmaturar blir gradvis skifta ut i tråd med dei siste EU-direktiva. Ved reinhaldsavdelinga er det investert i vaskerobotar for å auka effektiviteten og frekvensen på reinhald ved dei store idrettshallane.

Alle bygg og anlegg inngår i ein fire-årleg vedlikehaldssyklus. Gjennomføring av tiltak er avhengig av tilgjengeleg budsjett. I 2023 vart det sett av ekstra løyving til vedlikehald, noko som er vesentleg for å

løfte nivået opp på eit nivå der driftskostnadene blir redusert. Førebels er det behov for ekstraløyvingar i fleire nivå før ein kan nå nivået for verdibevarande vedlikehald. Vedlikehaldskostnadene er elles større jo eldre bygningsmassen er. Fuktskadene i taket i Radøyhallen kosta kr 1,4 mill. kr å få reparert, ferdig hausten 2023.

Bustadkontoret samarbeider tett med husbanken for formidling av diverse støtteordningar, aukande etter kvar som den private økonomien skrantar. Bustadkontoret har betalt ut kr 107 mill. kr i startlån til innbyggjarane, og det er gitt bustøtte til 563 husstandar på i alt kr 11,1 mill. kr. Det er også stadig og aukande behov for kommunale bustader, både til flyktningar og andre som treng hjelp for å komme inn i bustadmarknaden. Ressurssituasjonen er krevjande, men det er ikkje funne rom for å auka kapasiteten ved bustadkontoret i budsjettet no.

Temaplanen for vatn og avløp vart ferdigstilt i 2023. Det gjenstår eit arbeid for å sjekke ut kva opplysningar som kan vere offentlege og kva som ikkje kan vere det.

**Saksbehandling og forvaltning av plan- og byggesaker, kart og oppmåling, landbruk, natur, miljø og ureining**

For plan- og byggesaksområdet sin del er det gjort eit godt arbeid med å få ned restansane og halde fristane for saksbehandling. I løpet av hausten 2023 var det ei markant nedgang i nye innkomne søknader, som bidra til å komme endå meir ajour. I november vart det tatt i bruk nytt fagsystem for eByggesak og ePlansak. Det har vore jamn saksflyt av private reguleringsplanar, og handsaming av offentlege reguleringsplanar i hovudsak knytt til vegplanar. Tenesteområdet har elles teke del i arbeidet med kommuneplanens arealdel m.o.t. gjennomgang av alle reguleringsplanane, og med temaplan for naturmangfald og kjerneområde landbruk.

Miljø og tilsyn har hatt stor pågang med klagesaker i 2023, men med nedgang på slutten av året. Det blir meldt inn saker som både gjeld mogeleg ulovlege byggetiltak, forureining frå private avløpsanlegg og forureining, både med omsyn til forureining til terreng/vassdrag og i form av båtar som søkk. Ressursutfordringar gjer at avdelinga ikkje har tilstrekkeleg kapasitet til å handsame alle meldingane. Oppfølginga blir prioritert ut i frå alvorsgrad på meldingane og tilgjengeleg ressursar. Behovet for ei eiga stilling knytt til oppfølging av forureining og forsøplingssaker vart fremja hausten 2023 i budsjettprosessen, og stillinga blei lagt inn i budsjettet frå 2024.

Det har vore ein auke i oppmålingssaker i 2023 i høve til føregåande år. Det har vore mykje arbeid med oppdatering av kartverktøya som andre avdelingar nyttar, og vedlikehalds- og utviklingsarbeid knytt til desse. Desse tenestene har ei viktig rolle inn mot andre fagområde i kommunen. I 2023 er nytt planregister tatt i bruk, og tenesteområdet har vore aktive i prosjektet med anskaffing og implementering av det nye systemet, både internt og ut mot dei andre kommunane i IKT samarbeidet.

Landbruksavdelinga har stor saksmengd og forvaltar store summar innanfor tilskotsordningane som ligg til landbruket. I tillegg har landbruk ei sentral rolle i å rettleie nye gardbrukarar i kommunen vår og vere gode rettleiarar for dei som driv jordbruksnæring. Det kjem stadig nye krav og forventningar får statleg hald til kva landbruksavdelinga skal gjere og følgje opp. Kapasiteten er sprengt, og det er meldt inn eit behov for ein auka stillingsressurs i budsjettprosessen, men det vart ikkje funne rom til den no.

## Status økonomi

*Beløp i 1000*

| Tenesteområde | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| 700-Teknisk forvaltning og drift stab | 6 749 | 7 695 | 7 873 | 177 | 2,3 % |
| 710-Arealforvaltning | 10 597 | 10 029 | 11 428 | 1 400 | 12,2 % |
| 720-Drift og vedlikehald | 182 767 | 200 484 | 188 647 | -11 837 | -6,3 % |
| 730-Eigedomsforvaltning | 4 023 | 219 | 10 138 | 9 919 | 97,8 % |
| **Sum** | **204 135** | **218 427** | **218 086** | **-341** | **-0,2 %** |

## Kommentar til status økonomi

Samla resultat for Teknisk forvaltning og drift i 2023 er at sektoren går nokonlunde i balanse, med eit mindre avvik på om lag kr 340 000,-.

Kostnadene har vore høgare enn budsjettert innafor:

- Brøyting og strøing (vinterdrift veg) har eit meirforbruk på kr 5,8 mill i forhold til budsjett. Vertilhøva vintersesongen 22/23 og 23/24 har vore utfordrande. Det er truleg nødvendig å budsjettere opp dette området framover, også fordi arbeidet skal ut på anbod igjen og det er venta høgare prisar enn det som var nivået i gjeldande anbodsrunde.
- Driftsavtalarog reparasjonar samla har eit meirforbruk på kr 4,6 mill. Lågt vedlikehaldsbudsjett (til planlagt vedlikehald) medfører høgare driftskostnader.
- Konsulentbruken ligg med kr 2,3 mill over budsjett. Vakansar og sjukefråvær medfører auka behov for innleigd arbeidskraft.

Dei auka kostnadene er i hovudsak dekka inn ved

- Lågare straumkostnader (kr 3,9 mill under budsjett)
- Ubrukte midlar til opprydding i dekkdeponiet i 2023 (kr 2,5 mill under budsjett, tiltaket er utsett til 2024)
- Ubrukte lønsmidlar på grunn av ledige stillingar (rekrutteringsutfordringar) og høge sjukelønsrefusjonar (kr 5,8 mill)

Sjølvkostsområda (plan- og byggesaksområdet, vatn og avløp): Sjå eigne noter. Alle fonda er brukt opp no.

## Internkontroll og HMS i sektoren

Sjukefråveret er lågare enn snittet for Alver kommune totalt sett. Det er likevel høgt, og utfordrande med tanke på oppgåvene som skal løysast. Næraste leiar har tett oppfølging av dei sjukemeldte, og legg til rette for arbeidstakar dersom det er behov for det. Kontorarbeidsplassane har fått gjennomført arbeidsplassvurdering på ergonomi, og tiltak som innkjøp av nye stolar, armstøtte, golvmatter, ergonomiske tastatur osv er gjennomført. Det er også gjennomført kartlegging av inneklima enkelte stader.

Gjennom heile året har drifts- og vedlikehaldsområdet jobba med oppfølging av medarbeidar-undersøkinga i -22 for å bygge kultur, trivsel og tillit. Det har vore fokus på likestilling og likeverd, og kvinneandelen held fram med å auke. Arbeidet i lokale arbeidsmiljøgrupper er blitt løfta i 2023.

Internkontrollarbeidet i 2023 har omhandla følgjande tema:

- Arbeidet med fakturakontroll er stadig pågåande. Saksbehandlingssystem for behandling av tilknytingssaker for vatn og avløp var under innføring i 2023, dette medfører stor grad av forenkling for både interne og eksterne partar når det blir tatt i bruk (i 2024).
- Arbeidet med å oppdatere rutinar i kvalitetssystemet er i kontinuerleg arbeid.
- Det er lagt ned mykje arbeid i å lage og følg opp nye rutinar knytt til innføring av nytt felles saksbehandlings- og arkivsystem.

Sektoren har hatt eit særleg fokus på avvikssystem og forbetringsarbeid ute i avdelingane, saman med sektor Samfunnsutvikling. Målet er å få auka forståinga av kva nytte kommunen har av systematisk arbeid med avvik, læring og forbetring. Deltakinga og engasjementet har vore stort. Sektoren klatrer sakte men sikkert oppover avvikstrappa, og arbeidet held fram i 2024.